




Forskingsmelding 2023

Lagt fram for Forskingsutvalet 22. august 2024 og Høgskulestyret 5. september 2024. Henriette Hafsaas, forskingssjef.



HØGSKULEN
I VOLDA

Innhald

Om meldinga: Føremål og kjelder	3
Samanlikningsgrunnlag	3
Tilrådingar og tiltak	3
1. Resultat og måloppnåing	5
1.1 Måloppnåing på indikatorar for forsking	5
1.2 HVO i UH-landskapet	6
1.3 Samfunnsoppdraget i ny lov om universitet og høgskolar	7
2. Forskingsstrategi	8
2.1 Arbeid med tiltak i handlingsplanen	8
2.2. Forsking i utviklingsavtalen	8
3. Kompetanseprofil	9
3.1 Fagleg kompetanse	9
3.2 Kjønnssfordeling	11
3.3 Aldersfordeling	12
3.4 Kompetanseopptrykk i 2023	12
4. Vitskapleg publisering	13
4.1 Omfang og kvalitet	13
4.2 Publisering i tidsskrift, antologiar og bøker	15
4.3 Formidling og interne publiseringspoeng	16
5. Eksternt finansierte forskingsprosjekt	17
5.1 Noregs forskingsråd	17
5.2 Søknader	17
5.3 EU-midlar	18
6. Støttefunksjonar og verkemiddel	19
6.1 Forskingsadministrasjonen	19
6.2 Forskingsutvalet	19
6.3 FoU-tida på avdelingane	19
6.4 Støtteordningar for forsking	20
6.5 Bibliotek	22
Vedlegg 1: Vitskapleg publiseringskanalar ved HVO, 2019-2023	23
Vedlegg 2: Medlemar, vara og observatørar i Forskingsutvalet i 2023	30
Vedlegg 3: Forskingsgrupper 2023: Tildeling og rekneskap	31

Om meldinga: Føremål og kjelder

Styret ved Høgskulen i Volda (HVO) har sidan 2010 fått framlagt årlege forskingsmeldingar for å kunne vurdere status og utvikling i høgskulens forskingsverksemd.¹ Målgruppa for Forskingsmeldinga er Høgskulestyret, men ho vil også vere nyttig for dekanar, leiarar i fellesadministrasjonen, instituttleiarar, forskingsgruppeleiarar og andre tilsette.

Sidan 2017 har Forskingsmeldinga tatt utgangspunkt i *Tilstandsrapport for høgare utdanning*.² Forskingsmeldinga for 2023 utgjer status pr. 31. desember 2023, men i somme høve er utviklinga i 2024 også omtala. Frå og med rapporteringsåret 2023 har doktorgradsutdanning vorte skilt ut i ei eiga melding som vart lagt fram for Høgskulestyret våren 2024.

Tidlegare vart forskingsmeldinga lagt fram om våren. Tilstandsrapporten har vorte publisert stadig seinare på året dei siste åra, slik at meldinga no vert lagt fram i det første møtet om hausten. I år vart Tilstandsrapporten publisert 19. juni, og vi har dermed ikkje fått meir tid til utarbeide forskingsmeldinga eller involvere avdelingane utanom handsaminga i Forskingsutvalet.

Forskingsmeldinga for 2023 søker å ha eit sterkare fokus på kvalitetsutvikling, samstundes må HVO også vere realistisk med tanke på kva fagleg profil vi har (sjå Kapittel 1.2).

Meldinga er organisert i seks kapittel:

1. Resultat og måloppnåing
2. Forskingsstrategi og samfunnsoppdrag
3. Kompetanseprofil
4. Vitskapleg publisering
5. Eksternt finansierte forskingsprosjekt
6. Støttefunksjonar og verkemiddel for FoU

Tre eksterne kjelder har vorte nytta i arbeidet med Forskingsmeldinga:

- **Tilstandsrapport for høgere utdanning (2024)** skildrar tilstanden i universitets- og høgskulesektoren (UH) og viser utviklinga over tid. Når denne kjelda er nytta er det merka med «TR 2024».
- **Database for statistikk om høgare utdanning (DBH)** inkluderer statistikk om mellom anna stillingskategoriar, årsverk og alder på vitskapleg tilsette. Denne kjelda er markert med «DBH».³

Statistikk om tilsette er personalsituasjonen pr. 1. oktober det enkelte år.

- **Cristin** er eit forskingsinformasjonssystem der vitskaplege publiseringar og annan forskings- og utviklingsaktivitet vert registrert.⁴ Cristin-registreringane utgjer grunnlaget for statistikk om publisering i DBH og rapportering til Nasjonal vitskapsindeks (NVI).

Interne dokument nytta i arbeidet er:

- Strategiplan for Høgskulen i Volda 2022-2025. (Vedtatt 9. desember 2021) .
- Etatsstyringsmøte 2024.⁵

Samanlikningsgrunnlag

HVO er éin av fem statlege høgskular etter fusjonane i UH-sektoren: Høgskolen i Innlandet (HINN), Høgskolen i Østfold (HiØ), Høgskulen i Volda (HVO), Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Samisk høgskole (SH). Høgskulen i Innlandet og Høgskulen på Vestlandet har i 2024 levert søknader om å verte universitet.

I fleire statistikkar i denne meldinga er Høgskolen i Molde (HiM), som også er lokalisert i Møre og Romsdal, tatt med i samanlikningane, sjølv om det er ein vitskapleg høgskule. Samisk høgskole er tilsvarande ikkje med i samanlikningane sidan det er ein liten og spesialisert høgskule. I tillegg har VID vorte inkludert sidan fagprofilen og storleiken er ganske lik HVO, sjølv om det er ein privat vitskapleg høgskule.

Tilrådingar og tiltak

Forskingsutvalet har engasjert seg i fleire sentrale tema i Forskingsmeldinga. Diskusjonane har særleg krinsa rundt å oppmuntre til så brei forskingsdeltaking som mogleg og nødvendigheita av å utvikle og forsterke støtteordningane og forskingsinsentiva. Det vart også framheva at undervisningsbehov på bachelornivå vert prioritert over forskingserfaring ved tilsetjingar.

Forskingsutvalet er nøgd med at HVO går framover på dei fleste forskingsindikatorane, men bekymring vart uttrykt over at resultata ikkje er så sterke når HVO vert samanlikna med andre institusjonar. Det vart spesielt uttrykt uro for at få høgskulelektorar publiserer, og at stipendiatar publiserer mindre enn forventa. Til og med tilsette i førstestillingar

¹ <https://www.hivolda.no/forsking/forskingsmelding>

² <https://hkdir.no/tilstandsrapport-hoyere-utdanning-2023>

³ <https://dbh.hkdir.no/>

⁴ <https://www.cristin.no/>

⁵ <https://www.hivolda.no/etatstyringsmote-2024.pdf>

publiserer i gjennomsnitt mindre enn tilsette ved samanliknbare institusjonar.

Forskingsutvalet har utarbeidd tre tilrådingar med tiltak for å fremje forsking i 2024-2025.

Tilråding 1. Forsking skal vere ei tydeleg forventning og prioritet, og dette skal verte kommunisert av leiarar på alle nivå, frå Høgskulestyret til institutt- og forskingsgruppeleiarar. Tiltak:

- Tilsette leverer FoU-planar og -rapportar. Manglande publiseringsresultat eller anna meritterande FoU-arbeid over fleire år skal følgjast opp. Administrasjonen utarbeidar ei oversikt til dekanane med publiseringsresultata på kvar avdeling dei siste tre åra.
- Institutta skal jobbe for å skape samanhengande tid til forsking for den allereie tildelte FoU-tida.
- Den nye budsjettmodellen må innehalde insentiv for forsking.

Tilråding 2. HVO skal leggje til rette for forsking som ein felles innsats og arbeide for fleire eksternt finansierte forskingsprosjekt. Tiltak:

- Dekanane skal stille krav til professorar og førsteamanuensar om å støtte kollegaer som skal publisere for første gong.
- HVO skal støtte utviklinga av større og meir produktive forskingsgrupper.
- HVO skal halde fram det systematiske arbeidet med mobilisering og kvalitetsutvikling av søknader om eksternt finansierte forskingsprosjekt.

Tilråding 3. HVO skal halde fram med å støtte kompetanseheving. Tiltak:

- Doktorgradsprogramma våre er viktige, og HVO skal arbeide for å sikre høg kvalitet i forskarutdanningane. HVO skal vurdere gjennomføringsstipend for stipendiatar som fullfører doktorgrada innanfor seks år.
- HVO skal utvikle og implementere ei heilskapleg kompetansevurdering etter modell frå NOR-CAM. Fleire institutt har mange høgskulelektorar, og desse skal få forventningar om og støtte til kompetanseheving til førstelektor.
- FoU-stipend skal prioriterast for tilsette som nærmar seg kompetanseopprykk.

1. Resultat og måloppnåing

Forskingsmeldinga for 2023 viser at trenden på fleire indikatorar peiker oppover, t.d. på dei nasjonale styringsindikatorane for gjennomføring av doktorgradsutdanning, publiseringspoeng, kvinnelege professorar/dosentar og andel førstestillingar av faglege årsverk. Likevel viser snittet for dei andre samanliknbare høgskulane at HVO framleis må auke volumet og heve kvaliteten i forskinga for å:

- verte ein fagleg sterk høgskule som målsett i Utviklingsavtalen vår med Kunnskapsdepartementet
- nå ambisjonane våre i Strategiplanen,
- hevde oss blant dei andre høgskulane.

1.1 Måloppnåing på indikatorar for forskning

Frå 2023 har Kunnskapsdepartementet (KD) gått bort frå at institusjonane skal rapportere på dei nasjonale styringsparametrane i årsrapporten, og kvar institusjon kan sette egne styringsindikatorar. HVO har halde fram med dei tidlegare måleparametrane i årsrapporten for 2023, men det vert arbeidd med å sette nye styringsindikatorar for verksemda. Institusjonane skal likevel halde fram med å rapportere på dei nasjonale styringsindikatorane, og dei vil vere ein del av styringsdialogen med KD ([DBH](#)).

Tabell 1 viser at HVO har ein positiv trend for fleire forskingsindikatorar, men vi må arbeide vidare for å nå ambisjonane våre. Det vil vere viktig å involvere fleire av dei vitenskapleg tilsette meir i forskning for å kunne få betre resultat. Nedanfor vert måloppnåinga for kvar indikator omtalt kort.

KD har ein nasjonal styringsindikator for andelen stipendiatar i eit opptakskull som er rapportert med fullført doktorgrad 6 år etterpå, utan fråtrekk for permisjonar. HVO har ein positiv framgang på denne indikatoren, og vi nærmar oss nivået til samanliknbare høgskular. HVO har ofte små kull av stipendiatar, og då vil det få store utslag om ein stipendiat ikkje fullfører innan seks år eller avsluttar før fullføring (sjå Forskarutdanningsmeldinga 2023).

Ein sentral styringsparameter for forskning er publiseringspoeng pr. vitenskapleg årsverk. HVO har ein oppgang i publiseringspoeng pr. vitenskapleg tilsett frå botnnivået i 2022. HVO nådde så vidt ikkje eigen ambisjon og ligg framleis godt under nivået for samanliknbare høgskular. I etatsstyringa påpeikar KD at HVO har ein lang veg å gå før vi har publiseringsnivået til ein fagleg sterk høgskule, som er målet vårt i Utviklingsavtalen (Etatsstyring 2024, s. 3). HVO har ein positiv utvikling på prosentdelen publiseringspoeng frå artiklar med internasjonalt samforfattarskap, sjølv om vi ikkje når eigen ambisjon. Dei andre samanliknbare høgskulane har langt fleire artiklar med internasjonalt samforfattarskap. Utviklinga på talet publiserte kronikkar går også nedover, og vi nådde ikkje ambisjonen vår.

Indikator	2023	Trend HVO	Ambisjon	Snitt andre
Gjennomføring doktorgrads utd. %	60 %	↗	-	66 %
Gjennomføring ph.d.-prog. m/HiM %	50 %	↗	-	
Publiseringspoeng pr. fagleg årsverk	0,58	↗	0,60	0,84
Kvinner i dosent- og professorstillingar %	36 %	↗	37 %	53 %
Mellombels tilsette i ufstillingar %	8 %	↗	12 %	9 %
Del førstestillingar av faglege årsverk %	56 %	↗	55 %	62 %
Andel årsverk i rekrutteringsstillinger av fagleg tilsette	16 %	↗	-	14 %
Artiklar med internasj. samforfattarskap i %	16 %	↗	20 %	48 %
Verdi av Horisont 2020 pr. FoU-årsverk	0	→	-	-
Bidrag sinntekter frå NFR pr. fagleg årsverk	9	↘	20	36
Tal søknader til NFR, EU osv.	5	↘	8	-
Tal studiepoeng pr. fagleg årsverk	576	↘	600	621
Forhold mellom fagleg og adm. tilsette	2,44	↘	2,60	2,89
Tal publiserte kronikkar	23	↘	35	-

Tabell 1: Resultat for HVO i 2023 på ulike indikatorar, trend frå året før, ambisjon for HVO i 2023 og snitt resultat for dei samanliknbare høgskulane i 2023. Pil oppover viser til positiv utvikling, pil bortover syner ingen endring og pil nedover viser til negativ utvikling. Indikatorar med grå bakgrunn er nasjonale styringsindikatorar eller nøkkeltal. Kjelde: DBH.

Dei siste åra har HVO hatt framgang på den nasjonale styringsindikatoren andel kvinner i professor- og dosentstillingar. I 2023 var 36 prosent av dei toppkompetente ved HVO kvinner, mot 53 prosent ved dei samanliknbare høgskulane. Nasjonalt er nivået 37 prosent, som berre er marginalt betre enn HVO.

KD har ein styringsindikator for andelen mellombelse i faglege stillingar, der formålet er å redusere mellombelse tilsette i academia. På denne indikatoren gjer HVO det betre enn ambisjonen vår for 2023 med 8 prosent mellombelse i dei vitenskaplege stillingane (utanom åremålsstillingar som stipendiatar og faglege leiarar). Dette er også betre enn snittet for dei samanliknbare høgskulane.

HVO hadde også svært positiv utvikling på andel årsverk i førstestillingar av alle vitenskapleg tilsette (utanom stipendiatar), og vi auka frå 49 prosent i 2022 til 56 prosent i 2023. Dette har samanheng med at HVO hadde mange som fullførte doktorgraden eller fekk opprykk til førstelektor i 2023 (sjå **Tabell 2** i kapittel 3). Ettersom kompetanseprofilen vert endra med fleire tilsette med forskingskompetanse, kan vi også forvent ei

auke i indikatorane som går på forskingsresultat (t.d. publisering og eksterne inntekter) (TR 2024: s. 137).

HVO hadde også negativ utvikling på nokre styringsindikatorar. Nedgangen i bidragsinntekter frå NFR pr. vitenskaplege årsverk må HVO snu. Redusert tildeling gir færre midlar til forskning. KD understrekar i tilbakemeldinga frå etatsstyringa at tilslag på midlar frå Forskringsrådet og EU er viktig for HVO for å verte betre på forskning (Etatsstyring 2024, s. 3). HVO sin styringsparameter om å sende fleire søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder for forskning hadde ei negativ utvikling i 2023, og organisasjonen må prioritere søknadsarbeidet høgare med tanke på at HVO treng fleire tilslag. HVO har enno ikkje fått tilslag på eit forskingsprosjekt i EU sine rammeprogram, men vi har også berre sendt to søknader så langt.

Talet studiepoeng pr. vitenskapleg årsverk har vorte redusert meir enn ambisjonen, og på sikt kan dette frigjere meir tid til forskning. Dei samanliknbare høgskulane har høgare produksjon av studiepoeng pr. vitenskaplege årsverk enn HVO samstundes som dei skårar betre på forskingsindikatorane. Reduksjonen i talet på studiepoeng pr. faglege årsverk er urovekkande med tanke på den langsiktige økonomiske berekrafta, og eit lågt forholdstal mellom vitenskaplege og administrative tilsette stiller spørsmål ved om HVO er rett dimensjonert for talet på studentar framover.

HVO kjem dårlegare ut enn gjennomsnittet for samanliknbare høgskular på alle indikatorane utanom reduksjonen i mellombelse tilsette.

1.2 HVO i UH-landskapet

Figur 1 viser at HVO fekk 0,9 prosent av løyvingane til UH-sektoren frå KD i 2023. For dette uteksaminerte HVO 1,2 prosent av alle bachelorane, 0,6 prosent av alle masterane og 0,4 prosent av alle ph.d.-ane. I tillegg hadde HVO 3,2 prosent av alle studentane på fleksible studiar og 1,9 prosent av opptatte studentar. Tilsette ved HVO sto for 0,5 prosent av alle publiseringspoenga, og HVO fekk 0,5 promille av midlane frå Forskringsrådet.

Tilstandsrapporten 2024 har med fleire varmekart som visualiserer dei ulike institusjonsprofilane i UH-landskapet. I dette bildet er Høgskulen i Volda ein institusjon som har ein stor andel studentar på fleksible program (60 prosent), kortare studiar (49 prosent) og profesjonsstudiar (36 prosent), og vi har ein stor andel kvinnelege studentar (70 prosent) og studentar over 30 år (46 prosent) (TR 2024: Tabell 10.1). Dette er trekk som også kjenneteiknar andre høgskular og nyare universitet (TR 2024: 173).


Når det gjeld utvalde indikatorar for kvalitet, ligg HVO lågt når det gjeld kvalifiserte førstevalssøklarar pr. studieplass, total fagleg tidsbruk blant studentane og poengsnitt på opptatte studentar (TR 2024: Tabell 10.2). I forhold til at HVO har hovudvekt på profesjonsutdanningar og kortare og fleksible studiar, har vi ein høg grad av internasjonalisering i utdanningane (TR 2024: Tabell 10.3).

Mesteparten av forskinga i UH-sektoren skjer ved nokre få institusjonar der Universitetet i Oslo og NTNU er dei klart største (TR 2024: Tabell 10.4). **Figur 2** viser forskingsindikatorane vekta for storleik, og HVO framstår som ein institusjon som står for ein liten del av forskinga i UH-landskapet.

I Tilstandsrapporten 2024 vert det påpeikt at dei historiske skiljelinjene i UH-landskapet framleis er tydelege, samstundes som fleire institusjonar finn sin eigen profil og gjer institusjonslandskapet meir mangfaldig (TR 2024: s. 178).

HVO utgjer ein liten del av det totale utdannings- og forskingsvolumet i Noreg, men det er viktig å merke seg at vi har unike styrkar og roller – ikkje minst regionalt. Med ein høg del studentar på fleksible program, korte studium og profesjonsstudium, står HVO for ein viktig del av mangfaldet i det norske utdanningslandskapet. Vi har ein stor andel kvinnelege studentar og studentar over 30 år, og dette viser at høgskulen gir viktige bidrag til inkludering og livslang læring.

HVO har, som fleire andre mindre forskningstunge institusjonar, utfordringar når det gjeld forskingsvolum og -kvalitet. I etatsstyringa er KD bekymra for utviklinga



Figur 1: Resultata for HVO framstilt som ei trakt der dei ulike indikatorane er framstilt som prosent av heile sektoren. Kjelde: Rekna ut frå tal i Tilstandsrapporten 2024.

	Stipendiater som andel av alle faglige årsverk	Tildeling fra NFR per faglige årsverk (1000 kr)	Forskningsfinansiering, EU per faglige årsverk (1000 kr)	Publiseringspoeng per faglige årsverk
UiO	30 %	310	75,1	1,69
UiB	27 %	253,9	65,0	1,41
NTNU	33 %	232,7	57,3	1,23
NMBU	27 %	333,3	51,4	1,03
MF	22 %	111,2	33,6	2,5
NIH	32 %	95,3	16,8	1,7
NHH	27 %	162,9	37,0	0,87
UiS	25 %	136,7	15,2	1,25
UiT	23 %	131,3	26,6	0,97
UiA	20 %	79,4	9,2	1,25
OsloMet	14 %	99,2	17,4	0,95
BI	15 %	41,2	14,4	1,26
NU	18 %	57,2	15,9	0,79
HiM	15 %	22,5	12,2	0,89
USN	13 %	74,7	8,2	0,84
HINN	16 %	46,7	2,1	0,87
HVL	11 %	68,9	8,1	0,63
HK	10 %	22,4	15,8	0,83
NMH	21 %	4,2	0,0	0,36
VID	12 %	9,1	4,8	0,88
HVO	16 %	8,9	0,0	0,58
HiØ	8 %	34,8	0,4	0,82

Figur 2: Varmekart over fire indikatorar for forskning relatert til storleiken på institusjonane.

Kjelde: Tabell 10.5 i Tilstandsrapporten 2024.

ved høgskulen, og dei forventar tiltak for å betre måloppnåinga. Det er naudsynt at HVO held fram med å auke forskingskapasiteten og betre forskingsresultata og -kvaliteten.

1.3 Samfunnsoppdraget i ny lov om universitet og høgskolar

I den nye UH-lova som trådde i kraft 1. august 2024 er samfunnsoppdraget knytt til forskning formulert i § 2-1. Oppgåvene som involverer forskning og utvikling (FoU) er vist med utheva skrift:

- «Universitet og høyskoler skal
- tilby høgere utdanning basert på det fremste innenfor forskning, faglig og kunstnerisk utviklingsarbeid og erfaringskunnskap**
 - utføre forskning og faglig og kunstnerisk utviklingsarbeid**
 - bidra til å spre og formidle resultater fra forskning og faglig og kunstnerisk utviklingsarbeid**
 - bidra til livslang læring og tilby etter- og videreutdanning**
 - legge til rette for at institusjonens ansatte og studenter kan delta i samfunnsdebatten**
 - bidra til innovasjon og verdiskaping basert på resultater fra forskning og faglig og kunstnerisk utviklingsarbeid**

g. samarbeide med relevante aktører på internasjonalt, nasjonalt, regionalt og lokalt nivå for å bedre kvaliteten på virksomheten og gjøre den mer relevant.»

Loven understrekar også i § 2-2 at institusjonane skal ha eit høgt fagleg nivå og verne om akademisk fridom og fremje akademisk ansvar: «Universiteter og høyskoler skal fremme og verne akademisk frihet og dem som utøver den. Institusjonene skal sikre at undervisning, forskning og faglig og kunstnerisk utviklingsarbeid holder et høyt faglig nivå og utøves i samsvar med anerkjente vitenskapelige, kunstfaglige, pedagogiske og etiske prinsipper.»

2. Forskingsstrategi

I 2022 utarbeidde Høgskulestyret og organisasjonen ein ny visjon og strategi for HVO:

Kompetanse for eit betre samfunn

- Vi skal vere ei drivkraft for utvikling av kunnskap, ferdigheiter og klokskap som bidreg til framsteg for individ og samfunn.
- Vi skal skape entusiasme for læring, stimulere til deltaking for ei berekraftig verd og bygge på samskaping mellom studentar, tilsette og arbeidslivet.

Satsingsområdet for forskning i perioden 2022-2025 er at «HVO skal ha forskingsmiljø som er leiande nasjonalt og hevdar seg internasjonalt». Ein rekke tiltak følger den reviderte handlingsplanen vedteke i Høgskulestyret (Figur 3).

2.1 Arbeid med tiltak i handlingsplanen

Forskingsutvalet og Forskingsadministrasjonen arbeidar med gjennomføring av tiltaka i handlingsplanen. Ei ordning for støtte til lengre utanlandsopphald vart oppretta i 2022. Tildelingane i 2022 og 2023 har vist at interessa for å reise ut har vore større enn budsjettet for ordninga. Ein rutine for mottak av gjesteforskarar er under etablering. Vi arbeider med å vurdere støtteordningane for forskingsaktivitet i eit strategisk

perspektiv og styrke og spisse dei interne ordningane. I 2024 arbeider vi med å utvikle forskingsgruppene, styrke og spisse støtta til forskingsgruppene og vidareutvikle rammene for første- og toppkompetanseløp.

2.2. Forsking i utviklingsavtalen

I utviklingsavtalen som HVO har med KD er eit av måla å verte ei fagleg sterk høgskule. Styringsparametrane er:

- akkreditering av ein ny ph.d. på lærarutdanningane
- auka publisering ved å syte for at tilsette har god tilgang på FoU-ressursar og støtteordningar til fagleg utvikling
- styrke internasjonalt samarbeid
- utarbeide ein kompetanseutviklingsplan som verktøy i rekruttering og intern kompetanseutvikling.

Akkrediteringa av ph.d. er i mål, og dei første stipendiatstillingane er utlyst. KD forventar at HVO sikrar at ph.d.-kandidatane får forskarutdanninga i kontakt med sterke og anerkjente fagmiljø.⁶

HVO skal ha forskingsmiljø som er leiande nasjonalt og hevdar seg internasjonalt Vi vil prioritere:

a) utvalde forskingsmiljø som har potensial til å verte leiande nasjonalt og hevde seg internasjonalt, og som er strategisk viktige for høgskulen.

i. Styrke og spisse våre interne støtteordningar.

b) å etablere fleire forskningssamarbeid med andre institusjonar nasjonalt og internasjonalt.

i. Legge til rette for at våre tilsette kan ha utanlandsopphald og for å ta i mot gjesteforskarar

ii. Rekruttere nasjonale og internasjonale II-arar.

iii. Tildeling av midlar til forskingsgruppene bør fremje internasjonale samarbeid.

c) å arbeide for ein sterk kultur for forskning og utviklingsarbeid gjennom kompetansebygging, mentorering og kvalitetsorientering.

i. Arbeide for ein sterk kultur for både forskning, kunstnarleg og anna utviklingsarbeid med vekt på samarbeid og deling på tvers av fagmiljøa.

ii. Vurdere støtteordningane for forskingsaktivitet i eit strategisk perspektiv.

iii. Utvikle forskingsgruppene for å styrke dei som ein arena for samarbeid, publisering og formidling.

iv. Vidareutvikle rammer for første- og toppkompetanseløp gjennom rettleiing og tilrettelegging.

Figur 3: Satsingsområdet for forskning i ny strategiplan med tiltaka frå handlingsplanen.

⁶ Etatsstyring 2024: s. 2.

3. Kompetanseprofil

Dei tilsette er den viktigaste ressursen til Høgskulen i Volda. Vi må jobbe for å behalde, utvikle og rekruttere tilsette med høg fagkompetanse for å verte ein fagleg sterk høgskule. Dette kapittelet vil gjere greie for kompetanseprofilen ved HVO gjennom å sjå på dei tilsette sin stillingskategori, kjønns- og alderssamansetning.


HVO hadde totalt 386 årsverk pr. 1. oktober 2023, og det er same nivå som året før (TR 2024: V9.20). Talet på tilsette har auka med 82 årsverk sidan 2014 (Figur 4). I same periode auka også talet på studentar, men toppen vart nådd i koronaåret 2020 og har dei seinare åra gått nedover. Talet på årsverk i faglege stillingar hadde ein nedgang frå 264 i toppåret 2022 til 255 i 2023, medan talet på årsverk i administrative, tekniske og andre støttestillingar auka frå 123 i 2022 til 131 i 2023. Dette er det høgaste nivået HVO har hatt på administrativt tilsette, marginalt over nivå i 2021 med 130 årsverk.

Statsråd Oddmund Hoel har nyleg signalisert at talet på stillingar i UH-sektoren skal tilbake til nivået i 2019.⁷

3.1 Fagleg kompetanse


Pr. 1. oktober 2023 hadde HVO total 245 årsverk i vitskaplege stillingar utanom faglege leiarar mot 256 årsverk året før (DBH). Dette er ein nedgang på 11 årsverk og reflekterer truleg nedgangen i talet på

studentar. Figur 5 viser at det er stor variasjon i kompetanseprofilen til kvar avdeling.



Figur 5: Kompetanseprofilen til avdelingane som andel årsverk i 2023. Kjelde: DBH.


Figur 6 viser utviklinga innanfor dei vitskaplege stillingane ved HVO dei siste ti åra. Førstestillingar krev doktorgrad eller tilsvarande, og aktuelle stillingskategoriar for HVO er førsteamanuensis, førstelektor, forskar, dosent, professor og professor II. Studietilsynsforskrifta krev at minst 20 prosent av fagmiljøet knytt til eit studium er tilsette med kompetanse på førstestillingsnivå. For masterstudium er kravet høgare, der må halvparten av dei tilsette ha slik kompetanse og minst 10 prosent må vere professor eller dosent.⁸ I løpet av dei siste ti åra har prosentdelen



Figur 4: Utvikling i talet på studentar og talet årsverk totalt, administrative årsverk og faglege årsverk ved HVO frå 2014 til 2023. Kjelde: TR2024 V1.9, V9.20 og DBH.

⁷ Khrono 14.08.24: [Oddmund Hoel: Stillingskutt er den nye virkeligheten](#)

⁸ Studietilsynsforskriften: <https://lovdata.no/forskrift/2017-02-07-137/§2-3>



Figur 6: Utvikling i tal årsverk i ulike fagleg stillingar ved HVO, 2014-2023. Kjelde: DBH.

av tilsette med førstestillingskompetanse auka ved universitet og høgskular. Særleg har institusjonar som tidlegare hadde ein låg andel tilsette med førstestillingar har hatt ein markant auke (TR 2024: 158-159).

I 2023 vart 56 prosent av dei faglege årsverka (utanom stipendiatane) ved HVO utførte av tilsette i førstestillingar mot 49 prosent i 2022. Dette er den høgaste andelen førstestillingar som HVO har hatt. Oppgangen var frå 106 til 113 årsverk (TR 2024: V9.19). Det er svært positivt at HVO endeleg gjer eit stort byks framover på denne indikatoren, som var 47 prosent i 2014. I tiårs perioden har HVO auka med 9 prosentpoeng. Dei andre institusjonane fokuserer også på kompetansebygging, og ingen samanliknbare institusjonar hadde færre tilsette i førstestillingar enn HVO i 2023, og avstanden har auka (Figur 7). I heile UH-sektoren hadde 77 prosent førstestilling, og HVO kom dårlegast ut mellom dei statlege institusjonane (TR

2024: V49.19). Gjennomsnittet for dei samanliknbare høgskulane var 62 prosent førstestillingar i 2023.

I 2023 hadde 13,2 prosent av dei vitenskapleg tilsette ved HVO toppkompetanse mot 10,5 prosent i 2022. I heile UH-sektoren hadde 26 prosent toppkompetanse (DBH).


Analyse

Kompetanseprofilen til HVO viser at høgskulelektorane framleis er den største stillingskategorien (Figur 8). Dei fagtilsette ved HVO fordeler seg hovudsakleg på to stillingskategoriar der høgskulelektorane hadde ein nedgang frå 39 prosent i 2022 til 36 prosent i 2023, og førsteamanuensane ein oppgang frå 21 prosent i 2022 til 23 prosent i 2023. Stipendiatane auka frå 16 til 17 prosent av dei vitenskapleg tilsette.


I 2023 fekk fem tilsette opprykk til toppkompetanse – alle frå førsteamanuensis til professor (Tabell 2 og 3). Dette har også samband med dei mange disputasane på eige doktorgradsprogram i 2023. Heile seks tilsette fekk opprykk til førsteamanuensis, og tre fekk opprykk til førstelektor (sjå Tabell 2 og 3). Til saman fekk 14 vitenskapleg tilsette opprykk. Dei siste åra utmerker seg med mange opprykk, og dette kan ha samband med eit auka fokus på opprykksprosessen og støtte til å skrive opprykssøknad.

Tabell 2: Kompetanseopprykk blant tilsette ved HVO i perioden 2017 til 2023. Kjelde: TUFO.

Opprykk	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Professor	2	2	2	3	1	6	5
Dosent	2	0	0	1	2	2	0
Førsteamanuensis	3	3	2	3	7	1	6
Førstelektor	2	3	2	5	5	3	3
Totalt	9	8	6	12	15	12	14



Figur 7: Andel årsverk i førstestillingar ved HVO og samanliknbare høgskular og nyare universitet. Kjelde: TR 2024.



Figur 8: Kompetanseprofilen til dei vitskapleg tilsette ved HVO i 2023. Kjelde : DBH.

Vurdering

KD peiker på at HVO må vurdere tiltak som kan bidra til rekrutteringa av forskarar, og dei meiner HVO må vurdere kva vi kan gjere for å tiltrekke forskingskompetanse (Etatsstyring 2024: s. 2).

HVO har stått i eit generasjonsskifte når det gjeld tilsette i førstestillingar, og mange med første- og toppkompetanse har gått av med pensjon dei siste åra. Det er viktig at HVO rekrutterer inn førstekompetente og støttar tilsette som ikkje har førstekompetanse med å bygge naudsynt kompetanse. HVO har ulike ordningar for å støtte kompetanseheving i tillegg til den ordinære


FoU-tida: FoU-stipend, professor-/dosentstipend og 50/50-ordninga for ph.d. for tilsette. HVO har mange tilsette i ph.d.-løp, men vi må også i større grad rekruttere fleire førstekompetente ved utlysing av stillingar. Dette vil også vere positivt for mangfaldet ved HVO. Både på avdelingsnivå og på overordna nivå må vi jobbe med å utvikle kompetanseprofilen. HVO er på veg med dette arbeidet, og ny strategiplan krev handling på dette området.

3.2 Kjønnssfordeling

Målet om kjønnsbalanse i academia har mange aspekt. Det handlar om likestilling, rettferd og eit godt arbeidsmiljø. Vidare bidreg eit mangfaldig fagmiljø positivt til læringsprosessar, undervisning og forskning. Difor er innsatsen for å forbetre kjønnsbalansen ein viktig del av kvalitetsarbeidet til institusjonane (TR 2024: 167). KD har forventningar til at institusjonane arbeidar systematisk for likestilling og mangfald på alle nivå ([Tildelingsbrev 2023: 12](#)).

Høgskulen i Volda er mellom dei UH-institusjonane som har dei største utfordringane med kjønnsbalanse – særleg ved at vi har mange kvinner på dei låge karrieretrinna og få kvinner på toppen av stillingshierarkiet (**Figur 9**).

Andelen kvinner i faglege toppstillingar – professor og dosent – er ein nasjonal styringsindikator som skal stimulere til at UH-sektoren jobbar for betre kjønnsbalanse og likestillinga (TR 2022: 82). Kjønnsperspektivet vert også lagt til grunn i vurderingar av søknader om midlar frå Forskringsrådet. Både EU og Forskringsrådet krev ein likestillingsplan for å innvilge støtte til prosjekt. HVO fekk ny likestillings- og mangfaldsplan i 2023 etter at den førre planen gjekk ut i



Figur 9: Kvinner og menn på ulike trinn i det akademiske stillingshierarkiet ved HVO. Data frå DBH.

2020. Framover vil det også vere eit auka fokus på mangfald og inkludering i UH-sektoren.

Analyse

Ved dei statlege institusjonane utgjorde kvinner 37,3 prosent av dei tilsette i toppstillingar i 2023, som er opp frå 36,1 prosent i 2022 ([TR 2024: V9.27](#)). HVO auka frå 35,4 prosent i 2022 til 36,3 prosent i 2023 ([TR 2024: V9.27](#)). Ved HVO utgjorde kvinner med toppkompetanse 11 årsverk i 2023.


HVO skil seg frå dei andre institusjonane med store innslag av profesjonsutdanningar, ettersom kvinner er i fleirtal blant professorar og dosentar ved desse institusjonane.

Vurdering

HVO har gjort framskritt på styringsindikatoren andel kvinner blant dei toppkompetente, men vi ligg framleis under gjennomsnittet i sektoren. Fram til HVO har oppnådd betre kjønnsbalanse blant dei toppkompetente, er det naudsynt å prioritere kvinner som jobbar systematisk mot toppkompetanse ved tildeling av FoU-stipend, forskingstid og andre støtteordningar.

3.3 Aldersfordeling

HVO har i fleire år hatt den største prosentdelen toppkompetente over 60 år, men dette har no snudd. I både 2022 og 2023 var rett under 30 prosent av professorane ved HVO over 60 år mot 67 prosent i 2018 (**Figur 10**). Gjennomsnittet for dei statelege UH-institusjonane er at 36 prosent av professorane er over 60 år ([TR 2024: V9.25](#)). Med 39 prosent av professorane ved HVO i aldersspennet 40 til 49 år var for første gong dei yngre professorane ved HVO i fleirtal. Dette er positivt for den langsiktige kompetanseprofilen til HVO.



Figur 10: Aldersfordeling på professorar ved HVO i prosent. Utvikling frå 2018 til 2023 og samanlikna med gjennomsnittet for statelege institusjonar i 2023.

Gjennomsnittsalderen på tilsette med førstekompetanse har i løpet av ein tiårsperiode gått ned frå 55 år i 2014 til 52 år i 2023. I same periode er gjennomsnittsalderen på høgskulelektorane redusert frå 48 år til 45 år, medan gjennomsnittsalderen på stipendiatane har auka frå 37 år i 2014 til 40 år i 2023 (DBH).

Vurdering

Det er positivt at prosentdelen toppkompetente over 60 år ved HVO har vorte redusert dei siste åra, og særleg dei to siste åra. Samansetninga av aldersgrupper er noko som går i naturlege bølger, og det er viktig å sikre ettervekst i fagmiljøa før dei toppkompetente vert pensjonert.

3.4 Kompetanseoppbygg i 2023

I mars 2024 vart det halde opprykksmarkering for tilsette som hadde fått fagleg kompetanseoppbygg til førstelektor, førsteamanuensis, dosent eller professor i dei to førre åra (**Tabell 3**).

Tabell 3: Tilsette med fagleg oppbygg i 2023. Kjelde: TUFO.

Namn	Avdeling	Ny stilling	Kommentar
Erik Cyrus Fooladi	AHL	Professor	Professor-/dosentstipend
Torhild Erika Lillemark Høydalsvik	AHL	Professor	FoU-stipend 2022
Karen Brønne	AKF	Professor	FoU-stipend 2021
Kjetil Laurits Høydal	AKF	Professor	
Silje Louise Dahl	ASH	Professor	Professor-/dosentstipend
Eivor Finset Spilling	AHL	Førsteamanuensis	Ph.d. 2023
Ingeborg Katrin Lid Berget	AHL	Førsteamanuensis	Ph.d. 2023, 50/50-ordning
Natalie Ann Donohue	AHL	Førsteamanuensis	Ph.d. 2021
Eli Karin Sjøstad Åsebø	AKF	Førsteamanuensis	Ph.d. 2023
Ingeborg Berg Skogen	AKF	Førsteamanuensis	Ph.d. 2023
Kristine Vaadal	ASH	Førsteamanuensis	Ph.d. 2022
Janne Heggvoll	AKF	Førstelektor	
Dag Svein Roland	AMF	Førstelektor	FoU-stipend 2023
Ellen Madssen Andenes	ASH	Førstelektor	FoU-stipend 2022

4. Vitskapleg publisering

Forsking og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid (FoU) på høgt fagleg nivå er ei av hovudoppgåvene i samfunnsoppdraget til UH-sektoren, og ein prosentdel av arbeidstida til dei vitskaplege tilsette er sett av til FoU. Vitskapleg publisering av forskingsresultat er viktig for å bidra med kunnskapsutvikling – til fagfellar, profesjonane og ålmenta. Vitskapleg publisering er også naudsynt for HVO i samband med akkreditering av studieporteføljen og kompetansebygging for dei tilsette.

Den nye UH-lova krev at vi spreiar og formidlar resultat frå forskning og fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid. Formidlinga kan skje gjennom til dømes populærvitskaplege publikasjonar, leksikonartiklar og foredrag. Vi skal også delta i samfunnsdebatten gjennom t.d. kronikkar med profesjonsutøvarar og ålmenta som målgruppe.

Institusjonane skal også sørge for openheit om resultatata frå forskning og fagleg eller kunstnarleg utviklingsarbeid.

Den nye lova legg også føringar for at institusjonane skal bruke, utvikle og styrke norsk fagspråk.


4.1 Omfang og kvalitet

Vitskaplege publiseringspoeng er ein indikator for omfanget av forskning (TR2024: s. 136). Dei vitskaplege publiseringspoenga pr. fagleg årsverk er difor ein av dei nasjonale styringsindikatorane til KD.

Dei vitskaplege publiseringspoenga har vore del av den resultatbasert omfordelinga innanfor UH-sektoren. I

Publiseringspoenga for kvar publikasjon vert rekna ut ved å multiplisere forfattarandelar med poeng vekta etter publikasjonsform og kvalitetsnivå (sjå kapittel 3.2 nedanfor). Faktorane som påverkar publiseringsindikatoren er dei samla publiseringspoenga for institusjonen dividert på summen av årsverk i faglege stillingar for det enkelte år (**Figur 11**). I 2015 vart det innført ein ny modell for berekning av publiseringspoenga (sjå kapittel 3.2 nedanfor), så summane før og etter 2015 er ikkje direkte samanliknbare.

Publiseringsskanalane er vidare delt inn i to ulike nivå for å skape eit insentiv til å publisere i dei mest prestisjefylte kanalane innanfor dei ulike fagområda (TR 2023: 66). Den resultatbaserte modellen gir difor størst uttelling for publikasjonar på nivå 2 (**Tabell 4**). Publiseringsskanalane på nivå 2 skal utgjere dei mest framifrå publikasjonane internasjonalt. Ramma for publiseringsskanalar på nivå 2 vert avgrensa til 20 prosent av dei vitskaplege publikasjonane innanfor faget. Det er Universitet- og høgskulerådet (UHR) sine fagorgan som årleg vurderer nivåinndelinga av publiseringsskanalar for sine fagfelt, og fastsettinga av nivå vert vedtatt av UHRs nasjonale publiseringsutval.



Figur 11: Faktorar som påverkar publiseringsindikatoren for HVO i eit tiårs perspektiv: Poeng totalt dividert med UFF-årsverk totalt gir publiseringspoeng pr. UFF (her multiplisert med 100 for visualisering). Kjelde: DBH.

2023 fekk HVO ei uttelling på 1,9 millionar kroner basert på publiseringspoenga for 2021. Den resultatbaserte ordninga for publiseringspoeng vert avvika frå og med 2025 (Meld. St. 14: 2023). KD understrekar at publisering framleis vil vere viktig, og HVO må halde fram med å rapportere på vitskapleg publisering.

UH-sektoren samla hadde for første gong ein nedgang i talet på publiseringspoeng i 2022, og pandemien er truleg hovudårsaka (TR 2023: 64). For sektoren samla er publiseringspoenga i 2023 berre marginalt ulike 2022. Det er mogleg at pandemien framleis pregar publiseringa (TR 2024: 137-138). HVO er mellom dei få institusjonane som hadde ein auke i samla publiseringspoeng frå 111 i 2022 til 141,1 i 2023 (TR 2024: V8.2). Sidan talet på tilsette i faglege stillingar vart redusert, fekk HVO ei prosentvis endring på 33 prosent frå 0,43 poeng pr. fagleg årsverk i 2022 til 0,58 i 2023 (TR 2024: V8.2). Publiseringar på nivå 2 hadde ein positiv oppgang frå 7,1 prosent i 2022 til 13,2 prosent i 2023 (TR 2024: V8.3). Dette indikerer høg kvalitet i den forskinga som vert utført ved HVO.

Publisering etter stillingskategori

Publisering er ujamnt fordelt med tanke på stillingskategori. Tilsette i førstestillingar (førstelektorar, første-amanuensar, forskarar, dosentar og professorar) ved HVO produserte i snitt 0,72 publiseringspoeng pr. årsverk i 2023 mot 0,67 i 2022. Stipendiatane

Kategori	Nivå 1	Nivå 2
Monografi	5	8
Artikkel i tidsskrift og serier	1	3
Artikkel i antologi	0,7	1

Tabell 4: Publiseringspoeng etter vektning av publikasjonsform og kvalitetsnivå.

produserte i snitt 0,34 publiseringspoeng pr. årsverk i 2023, som er opp frå 0,23 publiseringspoeng i 2022. Dette er likevel under nivået på 0,58 i 2021. Dei låge snitta på publiseringspoeng for stipendiatane kan ha samanheng med at kring halvparten av dei framleis er i starten av forskarutdanninga (sjå **Tabell 2** over), medan publikasjonane helst kjem mot slutten av stipendiatperioden. Somme stipendiatar skriv dessutan ei avhandling i staden for artiklar med kappe. Dei tilsette som tar forskarutdanning i 50/50-ordninga produserte 0,53 publiseringspoeng pr. årsverk i 2023, mot heile 1,22 poeng pr. årsverk i 2022. Høgskulelektorane produserte i snitt 0,06 publiseringspoeng pr. årsverk i 2023, og det er ei nedgang frå 0,13 i 2022. Dei ulike stillingskategoriane kan ikkje samanliknast ettersom dei ulike stillingane medfører ulik FoU-tid (sjå **Kapittel 6.3** nedanfor).

Pensjonistar frå HVO stod for 30,64 publiseringspoeng i 2023 mot 17,1 poeng i 2022. I 2023 utgjorde dette 22 prosent av dei totale publiseringspoenga. Administrativt tilsette stod for 1,58 publiseringspoeng, og 1,45 publiseringspoeng kom frå personar som ikkje var tilsette ved HVO i 2023.

Det er positivt å registrere at ti tilsette publiserte vitenskapleg for første gong i 2023. Dette kjem i tillegg til dei tretten tilsette som publiserte vitenskapleg for første gong i 2022. Som i fjor vart bragda markert med å dele ut ein kaffikopp med bilde av førstesida på artikkelen (**Figur 12**). Dei som publiserte mest fekk blomar.


Publisering på avdelingane

Figur 13 framstiller gjennomsnittet av publiseringspoeng pr. vitenskapleg årsverk på avdelingsnivå for perioden 2014 til 2023. **Figur 14** viser utviklinga i produksjonen av publiseringspoeng pr. vitenskapleg årsverk på avdelingsnivå i same tiårsperiode. Resultata varierer ein del frå år til år på alle avdelingane. AHL har ein liten auke det siste året til 0,58 publiseringspoeng


pr. fagleg årsverk. Dette er om lag på snittet for avdelinga i tiårsperioden. AMF har hatt store svingingar i resultata dei siste åra, men i 2023 hadde avdelinga 0,52 publiseringspoeng pr. fagleg årsverk, noko som er litt betre enn snittet i tiårsperioden. ASH har hatt ein markant oppgang frå 0,47 poeng i 2022 til 0,71 poeng i 2023, og dette er godt over snittet på 0,56 poeng for avdelinga i tiårsperioden. AKF hadde ein liten nedgang frå 0,39 poeng pr. årsverk i 2022 til 0,33 poeng i 2023. Dette er likevel over snittet for tiårsperioden. Det låge snittet for AKF har sannsynlegvis samanheng med ein kompetanseprofil med mange høgskulelektorar (sjå



Figur 12: Seks av dei som publiserte vitenskapleg for første gong i 2023. Foto: Steinarr Sommerset.



Figur 13: Publiseringspoeng pr. vitenskapleg tilsett, resultat på avdelingsnivå. Kjelde: DBH.



Figur 14: Publiseringspoeng pr. UFF-årsverk ved avdelingane, 2014-2023. Kjelde: DBH.

Figur 10), og ein fagprofil som fører til andre FoU-resultat enn vitenskapleg publisering.

Analyse

Den resultatbaserte utteljinga for publiseringspoeng har over tid vist seg å vere eit effektivt insentiv for dei fleste universitet og høgskular. Samanliknbare høgskular har auka publiseringspoenga pr. vitenskapleg årsverk, og dei hadde i gjennomsnitt 0,84 publiseringspoeng pr. vitenskapleg årsverk i 2023 mot 0,58 ved HVO. For den samla sektoren er det sannsynleg at koronapandemien framleis fører til færre publikasjonar.

Kompetanseprofilen til dei tilsette ved HVO med mange høgskulelektorar (sjå **Kapittel 3.1**), gjer at HVO har færre tilsette med forskingserfaring og fleire tilsette med lite FoU-tid i stillinga. Dette påverkar også publiseringsindikatoren.

Vurdering

HVO har ein vedvarande utfordring med at relativt få av dei tilsette publiserer regelmessig. Dette har truleg samanheng med kompetanseprofilen med den lågaste delen førstestillingar blant dei statlege institusjonane. Kompetansebygging mot og rekruttering av tilsette i førstestillingar vil vere avgjerande for publiseringa framover. Heile 23 tilsette publiserte vitenskapleg for første gong i 2022 og 2023, og det lover godt for framtida. HVO må likevel vurdere kva insentiv vi skal ha for å auke publiseringa og på kva nivå i organisasjonen denne skal

4.2 Publisering i tidsskrift, antologiar og bøker

Dei fagtilsette ved Høgskulen i Volda publiserer i eit vidt spekter av vitenskaplege kanalar (**Vedlegg 1**). Publikasjonar i kategoriane vitenskaplege monografiar (bøker), antologiar (bokkapittel) og tidsskriftartiklar (i


periodikum) vert inkluderte i publiseringsdatabasen *Norsk vitkapsindeks* (NVI) og gir utteljing i KDs resultatbaserte omfordelingsmodell. Dei ulike publikasjonane får utteljing etter kvalitetsnivået på publiseringskanalen og forma på publikasjonane (sjå vektning i **Tabell 4**).

Publikasjonsformene er rangert etter estimert arbeidsmengde. Ein monografi svarer til tre til fem artiklar i vitenskaplege tidsskrift, og eit kapittel i ein antologi omfattar ofte mindre arbeid enn ein artikkel i eit vitenskapleg tidsskrift.⁹ I tillegg har sampublisering med fagfellar utanfor eigen institusjon vorte premiert sidan 2015. Dette vert rekna ut ved at ein får kvadratrota av institusjonens forfatarbidrag delt på det totale talet på forfatarbidrag før ein multipliserer med poeng for nivå og publikasjonsform. Internasjonalt samforfatterskap vert premiert ytterlegare ved at institusjonens poeng framkome ved utrekninga for sampublisering vert multiplisert med ein faktor på 1,3. HK-dir fører liste over godkjente vitenskaplege publikasjonskanalar – både tidsskrift og forlag.¹⁰ Det er opp til forskarane å passe på at kanalane dei vel å publisere i er godkjende.¹¹

Analyse

Figur 15 syner publiseringspoeng pr. vitenskapleg årsverk ved HVO saman med korleis dei vitenskaplege publiseringane fordeler seg i forhold til kvalitetsnivå på publiseringskanalane og forma på publikasjonen.

I perioden frå 2014 til 2023 har publikasjonar på nivå 2 ved HVO variert årleg mellom 22,3 prosent som det høgaste i 2016 og 7,1 prosent som det lågaste i 2022. HVO hadde ein oppgang i talet publiseringspoeng på nivå 2 frå 7,1 prosent i 2022 til 13,2 prosent i 2023.



Figur 15: Publiseringspoeng pr. fagleg årsverk (stolpar), publiseringsform (linjer) og kvalitetsnivå (stipla linjer) ved HVO i perioden 2014-2023. Kjelder: DBH og Cristin.

⁹ Sjå *Vekt på forskning* 2004: 52: https://npi.nsd.no/dok/Vekt_pa_forskning_2004.pdf

¹⁰ Sjå <https://kanalregister.hkdir.no/publiseringskanaler/Forside>

¹¹ Sjå <https://kanalregister.hkdir.no>

Få tilsette skriv monografiar, men det var ein oppgang i andelen publiseringspoeng frå monografiar frå 2022 til 2023. Det var også ein oppgang i andelen publiseringspoeng frå tidsskriftsartiklar, og ein nedgang i andelen antologikapittel.

Auken i andelen publikasjonar på nivå 2 og reduksjonen i andelen antologikapittel var med på å drive publiseringspoenga oppover i 2023.

Vurdering

Det er positivt at andelen publiseringspoeng frå artiklar i tidsskrift aukar. Tidsskriftartiklar bør vere førstevalet sidan publikasjonar i vitenskaplege tidsskrift gir betre utteljing – både for institusjonen i form av publiseringspoeng pr. vitenskapleg årsverk og for den enkelte fagtilsette i form av kompetansebygging.

Publisering av antologikapittel kan vere eit tiltak for dei med lite forskingserfaring og som treng å kome i gang med vitenskapleg publisering.

HVO bør ha ein ambisjon om at rundt 20 prosent av publiseringspoenga er på nivå 2.

4.3 Formidling og interne publiseringspoeng

Sidan 2001 har Høgskulen i Volda hatt eit internt system for registrering og poenggiving av FoU-arbeid. Dei interne poenga premierer FoU-arbeid som ikkje får utteljing i det nasjonale systemet for vitenskapleg publisering. Dei interne poenga kan vere for publikasjonar som lærebøker, artiklar i allmenne tidsskrift, forskingsrapportar, foredrag, bidrag i media og kunstnariske presentasjonar og produksjonar. Dei tilsette registrerer bidraga sine i Cristin, og forskingsadministrasjonen klassifiserer bidraga etter eit detaljert poengsystem.

Vurdering

Dei interne FoU-poenga er eit insentivsystem som premierer andre FoU-aktivitetar enn dei som er meritterande for opprykk, akkreditering av studium og eksterne søknader.

Med etableringa av Norsk vitenarkiv, innarbeiding av NOR-CAM for vurderinga av akademisk karrierar, fjerning av resultatbasert omfordeling for vitenskaplege publikasjonar og revisjon av budsjettmodellen må HVO vurdere kva insentivordningar vi treng for å stimulere forskning og formidling. Høgskulestyret må særleg vurdere om det er naudsynt å ha eit så intrikat system for rapportering og belønning for noko som ikkje vert etterspurt av KD, og der vi ikkje har samanlikningsgrunnlag frå andre institusjonar og der kvalitet ikkje vert vurdert.

5. Eksternt finansierte forskingsprosjekt

Gjennomslag på konkurransearenaer for forskning vert rekna som ein indikator for kvalitet, og dei eksterne midlane utgjer eit viktig bidrag til finansieringa av forskinga i UH-sektoren (TR 2023: 72). Bidragsinntekter pr. vitskapleg årsverk frå både Forskingsrådet og EUs rammeprogram er nasjonale styringsindikatorar, sjølv om KD har fjerna kravet om å rapportere på desse i årsrapporten frå og med 2023. KD har dei siste åra hatt ei forventning om at HVO får fleire tilslag på forskingsprosjekt (Etatsstyring 2024: 3).

5.1 Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd (NFR) er den største eksterne kjelda til finansiering av forskning i Noreg. I 2023 fekk UH-sektoren 4,4 milliardar kroner frå NFR (TR 2024: 146). Størsteparten av tildelingane gjekk til fire forskningstunge institusjonar – UiO, NTNU, NMBU og UiB, og slik har det vore dei siste ti åra (TR 2024: 147-148). Høgskulen i Volda fekk 2,2 millionar kroner frå NFR i 2023, som var ein nedgang frå 5,0 millionar kroner i 2022 (DBH). HVO fekk 0,5 promille av tildelingane frå NFR i 2023. Dette utgjorde ein halvering i NFR-inntekter pr. fagleg årsverk frå 2022 til 2023 – frå 19 500 til 8 900 kroner (TR 2024: V8:9). I 2023 var gjennomsnittet for alle dei statlege institusjonane 181 000 kroner pr. fagleg årsverk, medan det var 36 400 kroner for samanliknbare høgskular (TR 2024: V8:9).

I 2023 fekk HVO ei resultatbasert uttelling frå KD på 3,1 millionar kroner basert på inntektene frå NFR, RFF og EU i 2021. Denne resultatbaserte ordninga for BOA-inntekter vert avvikla frå og med 2025 (Meld. St. 14: 2023).

Figur 16 syner omfanget av eksterne FoU-inntekter frå NFR, EU og regionale forskingsfond ved HVO i åra 2014 til 2023 saman med den resultatbaserte omfordelinga frå KD og publiseringspoeng pr. årsverk. Den høgare innsatsen for forskning i 2022 vil forhåpentlegvis resultere i auka publisering i dei etterfølgjande åra.

Dei fem prosjekta som ga størst inntekt frå NFR i 2023 var *Manreport (ASH)*, *Faithed (AHL)*, *Smartplan (ASH)*, *Programmering for å utvikle matematiske kompetansar (AHL)* og *Artificial Intelligence for Assessment for Learning (AHL)* (Tabell 5).

NFR-prosjekt	Ansvarleg HVO	Avdeling	Inntekt i kr.
Manreport	Kjartan Leer-Salvesen	ASH	917 700
FAITHED AHL	Hildegunn Valen Kleive	ALH	409 200
Smart Plan	Bjarte Folkestad	ASH	245 000
Programmering for å utvikle matematiske kompetansar	Andreas Brandsæter	AHL	209 900
Artificial Intelligence (AI) for Assessment for Learning (AFL) to Improve Learning and Teaching in 21st Century	Siv Måseidvåg Gamlem	AHL	186 800
FAITHED ASH	Lars Julius Halvorsen	ASH	140 100
Lokalvalgundersøkelsene 2019-2023	Bjarte Folkestad	ASH	32 900
Den nasjonale forskerskolen i historie	Ola Teige	ASH	25 300
Hav, mat og ungdom	Erik Fooladi	AHL	17 500
Totalt			2 184 400


Tabell 5: Oversikt over NFR-finansierte prosjekt ved HVO med prosjektleiar/ansvarleg ved HVO og inntekt i 2023. Data frå økonomikontoret og arkivsystemet.

Analyse og vurdering

Høgskulen i Volda har dei lågaste inntektene frå Forskingsrådet blant samanliknbare høgskular i 2023, og vi er mellom dei statlege institusjonane med lågast inntekt når det gjeld løyvingar pr. vitskapleg årsverk (TR 2024: V8.9). Fleire NFR-prosjekta vert avslutta dei neste åra, så HVO må sende fleire søknader i 2024 og 2025 for å sikre vidare inntekter.

5.2 Søknader

Til søknadsfristane i Forskingsrådet i februar og mars 2023 sendte HVO tre søknader som prosjekteigar. To av



Figur 16: Utvikling i eksterne inntekter frå NFR, EU og regionale forskingsfond ved HVO i åra 2014 til 2023 saman med den resultatbaserte omfordelinga frå KD og publiseringspoeng pr. årsverk. Kjelde: DBH.

søknadene var forbetra søknader om samarbeidsprosjekt frå 2022, og éin av dei fekk tilslag. Førsteamanuensis Andreas Brandsæter og forskingsgruppa *Programmering for matematikkforståing* fekk tildelt 9,7 millionar kroner til prosjektet *Programming for Developing Mathematical Competencies* (**Figur 17**). Den tredje søknaden til NFR var for yngre forskarar og fekk svært gode tilbakemeldingar sjølv om det ikkje vart finansiering i denne omgangen. Tilsette frå HVO var dessutan samarbeidspartnarar på fleire søknader til NFR, men ingen av desse fekk tilslag.



Figur 17: Prosjektleiår Andreas Brandsæter som fekk tilslag på Forskingrådssøknad i 2023. Foto: Steinarr Sommerset.

Vurdering

Vi har dei siste åra auka søknadskompetansen og søknadskvaliteten ved HVO, og éin av tre søknader til Forskingrådet i 2023 fekk tilslag. Det er svært positivt at HVO fekk eit tilslag på nytt prosjekt frå Forskingrådet i 2023, og det vil føre til at inntektane går opp i 2024.

HVO har potensial for å få tilslag på fleire prosjekt. Forskingsgrupper som publiserer må få tid og ressursar til å utvikle prosjektsøknader.

5.3 EU-midlar

Høgskulen i Volda har enno ikkje hatt noko resultat på styringsparameteren «Verdien av kontrakter fra EUs rammeprogram for forskning og innovasjon per FoU-årsverk», men vi har fått andre forskingsmidlar frå EU (sjå **Diagram 7** ovanfor). I 2023 hadde ASH to prosjekt finansiert av Erasmus+, EASIP COMP og SMART-Y. HVO bør satse sterkare mot Horisont Europa som vart lansert i 2021, og Forskingsadministrasjonen har prosjekt-etableringsmidlar frå Forskingrådet til dette ut 2024. Det er utfordrande å mobilisere for EU-søknader, og midlane er framleis unytta.

6. Støttefunksjonar og verkemiddel

Forsknings- og utviklingsarbeidet ved HVO vert utført av den enkelte fagtilsette, i forsknings- og prosjektgrupper og innanfor rammene av strategiske mål og verkemiddel på avdelingane og fellesnivået.

6.1 Forskingsadministrasjonen

Forskingsadministrasjonen skal medverke til at Høgskulen i Volda når dei strategiske måla sine innanfor forskning og gir råd til leiinga i forskingsspørsmål.

Tilsette i Forskingsadministrasjonen gir støtte og råd til dei tilsette når det gjeld:

- vitenskapleg publisering og forskingskommunikasjon,
- prosjektutvikling og søknader om ekstern finansiering av forskningsprosjekt,
- forskarutdanning og faglege opprykk,
- internasjonalisering i forskinga,
- forskningsetikk og personvern i forskning.

Forskingsadministrasjonen er ansvarleg for vitenskapleg rapportering, sekretariatet for Forskingsutvalet og Publiseringsutvalet, administrasjon av sentrale støtteordningar, utvikling av forskingsgrupper, rutinar og retningslinjer for forskningsetikk og personvern i forskning, samt institusjonell oppfølging og koordinering av vitenskapleg verksemd og forskarutdanning. Forskingsadministrasjonen er eit internt og eksternt kontaktpunkt for forskning, og vi skal bidra til å styrke arbeidslivssamarbeid og innovasjon ved høgskulen.

I 2023 har det vore to vikarar i Forskningsadministrasjonen ettersom dei to faste rådgivarane har vore i permisjon mesteparten av året. Ida Haug Theodorsen var vikar for Geir Tangen og Yueyuan Luo var vikar for Sunniva Hagen. Forskingssjef var Henriette Hafsaas.

6.2 Forskingsutvalet

Høgskulens sentrale organ i forskingsspørsmål er Forskingsutvalet. I 2023 vedtok Høgskulestyret eit revidert mandat for Forskingsutvalet (sak 41/23):

Rådgivande og strategisk organ

Forskingsutvalet er eit rådgivande og strategisk organ for leiinga og styret i saker som gjeld forskning, formidling, innovasjon, forskarutdanning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Forskingsutvalet skal legge til rette for diskusjon og erfaringsutveksling mellom avdelingane med sikte på å utvikle beste praksis i dei sakene som vert handsama.

Utvalet skal mellom anna:

- fremme forskning ved HVO i tråd med strategiplanen, og gje råd om strategiar og tiltak som kan styrke omfanget og kvaliteten på forskning og utvikling ved HVO
- vere pådrivar for at forskinga ved HVO held høg kvalitet og fører til nasjonal og internasjonal

vitenskapleg publisering, og gje råd om forskarutdanning og stipendiatsatsing

- vere pådrivar for internasjonalisering av forskinga
- inspirere til formidlingsverksemd
- fremme god forskningsskikk gjennom å utarbeide forskingsetiske retningslinjer
- stimulere til studentaktiv FoU-verksemd

Innstillande organ

Forskingsutvalet skal gje innstilling til styret om:

- kandidat(ar) til FoU-prisen

Delegert avgjerslemynde frå styret

Forskingsutvalet er gitt delegert avgjerslemynde til å:

- disponere og følgje opp bruken av dei strategiske forskingsmidlane som styret har vedteke for det enkelte år i budsjettet.

Rapportering

Forskingsutvalet skal ha årleg forskingsmelding til styret til uttale før handsaming i rektoratet, og sikre at forskingsmeldinga inneheld rapportering om disponering av dei strategiske forskingsmidlane og resultatmål knytt til bruken av midlane.

I 2023 vart det halde sju møte i Forskingsutvalet, og 38 vedtakssaker vart handsama. Rektor Johann Roppen leia Forskingsutvalet våren 2023, og prorektor Eirik Søvik tok over som leiar frå hausten 2023. Forskingssjef Henriette Hafsaas var sekretær. Avdelingane var representerte med dekan og ein fagleg representant, studentane hadde to representantar, og stipendiatane hadde éin representant. I tillegg møter dei faste observatørane: Høgskuledirektør, biblioteksjef og forskingsrådgivarar (sjå **Vedlegg 2** for Forskingsutvalets samansetning i 2023).

6.3 FoU-tida på avdelingane

Det meste av forsknings- og utviklingsarbeidet skjer på avdelingane i FoU-tida til dei vitenskapleg tilsette. Dekanen på kvar avdeling disponerer FoU-ressursen gjennom arbeidsplanar der kvar enkelt tilsett får definert tid til undervisning, forskning og utvikling, samt administrasjon. Fordelinga av arbeidsoppgåvene skal ta omsyn til kompetanse, interesser og aktuelle behov på avdelingane.

Dei vitenskapleg tilsette får tildelt ulik tid til FoU etter stillingskategori ifølgje retningsgivande satsar. Ramma for fordelinga av arbeidstida ved HVO er vedtak 34/15 i Høgskulestyret (**Tabell 6**). Dette vedtaket er eit viktig verktøy, ettersom tildelinga av FoU-tid føreset dokumenterte resultat gjennom dei tre siste åra. Eit anna punkt i vedtaket er at alle fagmiljø bør ha avtale om at ein av dei tilsette med toppkompetanse skal bruke inntil 15 prosent av undervisningsressursen til forskingsleiing og rettleiing av kollegaene. Avdelingane kan også nytte professor II-arar til dette. Avdelingane er også oppmoda til å gi forskingsgruppeleiarane tid til leiing av gruppa.

Tabell 6: Rettleiande satsar i % for inndeling av arbeidstida i undervisning, FoU-tid og administrasjon frå styrevedtak 34/2015.

Stilling	Undervisning	FoU	A d m	I alt
Professor/ Dosent	50	45	5	100
Førsteam./ førstelektor	55	40	5	100
Høgskule- lektor	65	30	5	100

Somme UH-institusjonar tar no grep for å verne om forskingstida, t.d. UiB FRAM,¹² medan andre UH-institusjonar kuttar i FoU-tida på grunn av lågare løyvingar frå KD.¹³ Ei oversikt i Khrono viser at HVO er mellom dei institusjonane som gir minst FoU-tid til dei toppkompetente, medan vi er den institusjonen som gir mest FoU-tid til høgskulelektorane.¹⁴

På grunnlag av aukande press på FoU-tida samstundes som det er høge krav om kompetansebygging bør tidsbruken ved HVO verte undersøkt. Dei rettleiande satsane i styrevedtaket frå 2015 bør verte justert dersom det er stort sprik mellom ideal og realitet.

Det må også rettast eit fokus på at forskning i stor grad krev god disponering av tida frå dei vitenskapleg tilsette, og administrativt tilsette bør kome tettare på kjerneverksemda for å avlaste dei faglege tilsette for administrative oppgåver der det er høveleg.

6.4 Støtteordningar for forskning

HVO har ei rekke støtteordningar for forskning som vert prioritert av Høgskulestyret og tildelt av Forskingsutvalet eller Forskingsadministrasjonen. Målsettingane med ordningane er vitenskaplege publikasjonar, kompetanseheving og søknader om eksterne forskingsmidlar.

FoU-stipend («vikarstipend»)

Føremålet med FoU-stipenda er å gi vitenskapleg tilsette høve til å arbeide konsentrert med forskingsarbeid i eitt semester. Forskingsutvalet tildeler FoU-stipenda etter ein prosess der alle fast tilsette først vert inviterte til å søke. Avdelingane ved dekan kvalitetssikrar og

prioriterer søknadene frå si avdeling, og forskningssjef innstiller til Forskingsutvalet på tildelingane og fordelinga mellom avdelingane. I 2022 vart det tildelt ti FoU-stipend for uttak i 2023 (Tabell 7). Fast tilsette i den eigenfinansierte 5-årige ordninga for ph.d.-utdanning for tilsette som ikkje har doktorgrad får to FoU-stipend i løpet av ph.d.-studiet i tillegg til 50 prosent FoU-tid dei resterande fire åra. Tre FoU-stipend vart tildelt tilsette i denne ordninga. FoU-stipend til professor-/dosentstipendhaldarar vert tatt frå ein annan budsjettpost enn dei ordinære FoU-stipenda, og to FoU-stipend vart tatt ut av tilsette i denne ordninga.

Tabell 7: Tildelte FoU-stipend for uttak i 2023.

Namn:	Stilling:	Avd.:	Opprykk:
Professorstipendhaldarar (alfabetisk etter etternamn):			
Silje Louise Dahl	Førsteamanuensis	ASH	Prof.
Gudrun Kløve Juuhl	Førsteamanuensis	AHL	
50/50-ordning for ph.d.-utdanning (alfabetisk etternamn):			
Marit Lovise Brekke	Førstelektor	AHL	
Sofie Emilie Holmen	Høgskulelektor	AHL	
Jostein Garcia de Presno	Høgskulelektor	AHL	
Ordinære FoU-stipend (alfabetisk etter etternamn):			
Gro Anita Bårdseth	Høgskulelektor	ASH	
Kari A. Hasle	Høgskulelektor	ASH	
Liv Ingrid Aske Håberg	Førsteamanuensis	AHL	
Hilde Opsal	Førsteamanuensis	AHL	
Dag Svein Roland	Høgskulelektor	AMF	1. lektor
Stein Helge Solstad	Førsteamanuensis	AKF	
Marit Ulvund	Førsteamanuensis	AKF	

For å måle effekten av FoU-stipenda på forskning har Forskingsadministrasjonen undersøkt i kva grad FoU-stipenda har gitt resultat på vitenskapleg publisering og opprykk i perioden 2015 til 2023 (Tabell 8). Publiseringspoenga og opprykket for FoU-stipendmottakarane er rekna ut frå og med det året FoU-stipendet vart teke ut og dei to påfølgjande åra. Dei som har utsett uttak av FoU-stipenda er ikkje med i undersøkinga.

Tabell 8: Oversyn over FoU-stipend tildelt, tatt ut, publiseringspoeng og opprykk. 2015-2023.

FoU-stipend			Publiseringspoeng									Opprykk		Spesialstipend	
Årstal	Tildelt	Tatt ut	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Første	Topp	50/50	Prof./dos.
2015	10	10	1,75	0,59	0,52							2	1	2	
2016	10	10		0,79	0,68	0,69							4	2	2
2017	11	10			0,41	0,64	0,89					3	1	4	1
2018	10	10				0,37	0,67	1,57						2	1
2019	15	10					0,70	1,83	0,20				5		3
2020	16	14						0,89	0,46	0,61		3	1	1	1
2021	17	11							0,23	0,81	0,58		2	1	1
2022	12	10								0,54	0,78	3	2	1	2
2023	13	12									0,44	1	1	3	2
Totalt	114	97	0,49	0,49	0,51	0,42	0,46	0,82	0,45	0,43	0,58	12	17	16	13
			Publiseringspoeng pr. vitenskapleg tilsett ved HVO												

¹² <https://www.uib.no/fram>

¹³ UiS: Prinsipper for arbeidsplanlegging (US 38/24)

¹⁴ Khrono 04.03.2024: [Store variasjonar i forskningstid landet rundt](#)

Analyse

Tabell 8 viser at FoU-stipendmottakarane i gjennomsnitt har fleire publiseringspoeng pr. vitenskapleg tilsett enn gjennomsnittet for HVO i 19 av 24 undersøkte år. Det er likevel stor variasjon mellom dei enkelte stipendmottakarane ettersom gjennomgang på individnivå viser at for åra 2015 til 2021 har 17 av 75 FoU-stipendmottakarar ikkje publisert vitenskapleg i den undersøkte perioden. For dei som jobbar med monografar tar det ofte litt tid før resultatet vert publisert, og nokre tilsette har fått FoU-stipend for å gjennomføre andre tiltak enn vitenskapleg publisering.

Tabell 8 viser også at mellom FoU-stipendmottakarane har så langt 29 av 75 tilsette fått opprykk. Tala viser at ein høg prosentdel av dei som har fått FoU-stipend får innvilga opprykk i løpet av dei påfølgjande åra etter uttak av stipendet. Åtte av 12 FoU-stipendmottakar har oppnådd førstekompetanse utan å vere i 50/50-ordninga, medan åtte av 16 førstekompetente har fått opprykk til toppkompetanse utan å ha vore i professor-/dosentstipendordninga.

Vurdering

Gjennomgangen av publiseringspoeng og opprykk for FoU-stipendmottakarar gjennom ein periode på tre år frå FoU-stipenduttak viser at ordninga i hovudsak fungerer etter intensjonen. Undersøkinga viser likevel at ca. 1 av 5 stipendmottakarar ikkje publiserer vitenskapleg, og søknadene og rapportane frå stipendmottakarane viser at dette ikkje berre kan forklarast med at det tar lang tid med vitenskapleg publisering. Dette har ført til at Forskingsutvalet stiller klarare krav om at søkjarane skal nytte FoU-stipenda til aktivitetar som gir konkrete resultat for forskning og kompetansebygging.

Professor-/dosentstipend

Sidan 2014 har HVO med ujamne mellomrom tildelt professor-/dosentstipend som eit tiltak for å auke talet på toppkompetente.¹⁵ Stipenda utgjer 50 prosent arbeidstid til å forske og to FoU-stipend i løpet av perioden, samt driftsmidlar på kr. 50 000 pr. år. Sidan 2017 har stipenda vore gitt for tre år medan dei vart gitt for fem år i dei to første tildelingane.

Analyse

Sidan 2014 har 11 stipendmottakarar oppnådd professor- eller dosentkompetanse (**Tabell 9**). Det har vorte tildelt 19 professor-/dosentstipend. Ti stipend har gått til kvinner, og ni stipend har gått til menn. Ordninga har difor i liten grad vorte nytta til å få betre kjønnsbalanse mellom dei toppkompetente. Berre eitt stipend har vorte tildelt eit dosentløp.

Av 19 professor-/dosentstipend har 11 mottakarar hittil fått opprykk, og det varierer kor raskt stipendiatmottakarane får opprykk. Sidan 2017 har totalt 21

tilsette fått opprykk til professor, og sju tilsette har fått opprykk til dosent.

Vurdering

Dei siste åra har ikkje ordninga med professor-/dosentstipend lenger vorte finansiert over stipendiatbufferen, og då har ordninga vorte relativt kostbar for HVO. Kvart professor-/dosentstipend har ein kostnad på kr. 750 000 (FoU-stipend og driftsmidlar). I tillegg kjem ekstra FoU-tid i fire semester.

Tabell 9: Tildelte professor-/dosentstipend og oppnådd professorkompetanse.

Stipendmottakar	Avd.	Tidsrom	Opprykk
Brandsæter, Andreas	AHL	V2024-H2026	
Fiskerstrand, Pernille	AHL	V2024-H2026	
Saunders, Timothy A.	AHL	V2024-H2026	
Kleive, Hildegunn Valen	AHL	V2023-H2025	
Tafjord, Harald Endre	ASH	V2023-H2025	
Øie, Kjetil Vaage	AMF	V2023-H2025	
Dahl, Silje Louise	ASH	V2022-H2024	2023
Helset, Stig J.	AHL	V2022-H2024	2022
Juuhl, Gudrun Kløve	AHL	V2022-H2024	
Lillebø, Jonas G.	AHL	V2019-H2021	
Løvoll, Helga S.	AKF	V2019-H2021	2022
Rogne, Wenche Mork	AHL	V2019-H2021	2022
Fondevik, Birgitte	AHL	V2017-H2019	2021
Fooladi, Erik C.	AHL	V2017-H2019	2023
Erdal, Ivar John	AMF	V2015-H2019	2022
Hovlid, Ellen Lexerød	AMF	V2015-H2019	2022
Homlong, Nathalie	ASH	H2019-V2019	2015
Sæther, Knut Willy	AHL	H2014-V2019	2017
Torrissen, Wenche	AKF	H2014-V2019	2019

Såkorndmidlar

Såkorndmidlar «skal bidra til auka forskingsaktivitet ved HVO ved å stimulere og hjelpe til å sette i gang forskings- og utviklingsprosjekt. Søknader om støtte til å drive fram og utvikle søknader til regionale, nasjonale eller internasjonale (EU) forskingsfond og andre finansieringskjelder vil bli prioritert». Føremålet med ordninga er å auke bidrags- og oppdragsinntektene gjennom å sende fleire søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder. I 2023 vart det tildelt kr. 1 085 000 kroner i såkorndmidlar til 12 prosjekt (Tabell 10). Eitt prosjekt fekk tilslag på ein søknad til Forskingsrådet.

Vurdering

I 2021 starta Forskingsutvalet ein strengare praksis slik at såkorntildelingane i større grad følger retningslinjene for ordninga, og retningslinjene har vorte skjerpa ytterlegare i 2023 og 2024. Målet er å sikre fleire søknader om eksterne midlar i åra som kjem. Frå 2024 er søknadsfristen løpande og målet er at midlane er ein ekstra støtte for å søkje eksterne midlar. Frå 2019 har

¹⁵ Sjå meir info her:

<https://www.hivolda.no/forsking/stotteordningar/professor-dosentstipend-0>

HVO tildelt støtte til forskingsgrupper, så det skal i mindre grad vere behov for å nytte såkornmidlar til mindre forskingsprosjekt og etablering av forskingsgrupper ved HVO.

Tabell 10 syner prosjekt som fekk såkornmidlar i 2023. Det er ikkje kome tilbakemelding på søknader som vart sendt i 2024 enno.

Tabell 10: Prosjekt som fekk tildeling av Såkornmidlar i 2023.

Søkjar	Avd.	Tema	Sum kr.	Søknad
Andreas Brandsæter	AHL	ProMaC - Programming for Mathematical Competencies	60 000	NFR 2023
Øyvind Arne Høydal	AHL	How mental maps inform decision making	100 000	NFR 2023 Samarbeidsorganet 2024
Pernille Fiskerstrand	AHL	ORACY-UP: Developing deeper understanding of oracy in teaching and assessment in upper secondary school	60 000	NFR 2024
Jan Håkon Vikane	AHL	Utdanning for berekraftig utvikling i ein utvidaklasseromskontekst	125 000	NFR 2024
Marit Ulvund	AKF	#Youngart	60 000	NFR 2023
Knut-Willy Sæther	AHL	Experiences in Nature: Awe, Wonder and Spirituality towards Purpose and Meaning in Life	125 000	John Templeton Foundation 2023
Siv Måseidvåg Gamlem	AHL	Adapted Feedback for Learning	125 000	NFR 2023 (partnar)
Jade Jørgen Michael Sandstedt	AHL	Mapping the neurocognitive signatures of spoken and written billectalism	60 000	NFR 2023 (partnar)
Rolf Werenskjold	AMF	Geopolitical media narratives in the Nordic countries with a special focus on Russia	60 000	NFR infrastruktur (partnar)
Lars Julius Halvorsen Lars Julius Halvorsen	AMF	Lokal kulturpolitikk og lokalt kulturarbeid	60 000	Medietilsynet NAV-forskning
Inger Marie Okkenhaug	ASH	Rethinking Refugees, Religion, and Relief in the Middle East: Forprosjekt søknad NFR	125 000	
Marie Nedregotten	AHL	Connecting resources and researchers	125 000	

Støtte til publisering

Frå og med 2023 vart trykkjestøtta til antologiar og monografiar avvika i budsjettprosessen, men nokre få søknader under handsaming vart innvilga (**Tabell 11**).

I utviklingsavtalen skal HVO auka publisering ved å syte for at tilsette har god tilgang på FoU-ressursar og støtteordningar til fagleg utvikling. Hausten 2023 vart det difor oppretta prøveordningar for språkvask for tidsskriftartiklar (på anna språk enn morsmålet) og støtte til å dekke publiseringsavgift for tidsskriftartiklar. Desse ordningane vart vidareførte i 2024.

Tabell 11: Trykkjestøtte tildelt i 2023.

Søkjar	Publikasjon	Sum kr.
Birger Løvlie	Kristne strategar	25 000
Arnliot Løseth	Den industrielle revolusjonen	25 000
Terje Aarset	Nu går solen ned	25 000

Sidan 2014 har HVO hatt eit publiseringsfond for tidsskriftartiklar med open tilgang (Open Access). I 2023 fekk fire vitskapleg tilsette støtte til å publisere opne tidsskriftsartiklar. I tillegg fekk åtte tilsette støtte til språkvask i 2023.

Forskningsgrupper

Sidan 2019 har leiarane av forskingsgruppene ved Høgskulen i Volda hatt moglegheit til å søke om midlar til aktivitetar etter vedtak 33/18 i Forskningsutvalet og 93/18 i Høgskulestyret. Midlane skal verte brukt til å auke faglege aktivitetar, fremje internasjonalt forskingssamarbeid og utarbeide søknadar om eksterne forskingsmidlar. Ubrukte midlar vert inndrege den 1. januar det påfølgande året. Forskningsgruppene rapporterer årleg til Forskningsutvalet om aktivitetar og resultat gjennom året. Sidan 2022 har det vore ei avgrensing ved at tilsette berre kunna vere teljande medlem i inntil to forskingsgrupper.


Totalt var det 41 forskingsgrupper som fekk til saman 1,3 millionar kroner i støtte i 2023 (**Vedlegg 3**).

Rapporteringa frå forskingsgruppene syner at organiseringa i forskingsgruppene bidreg til større grad av samarbeid mellom forskarane på HVO – gjerne også tverrfagleg. Dette kan føre til utveksling av idéar og kunnskap og dermed auke kvaliteten på forskinga. For at forskingsgruppene skal kunne levere høg kvalitet i forskinga er dei også avhengig av faktorar som leiinga av gruppa, medlemstal og -engasjement, samt støtte frå fellesadministrasjonen og avdelings- og instituttleiinga.

6.5 Bibliotek

Høgskulebiblioteket skal støtte opp under forskning, undervising og læring gjennom tilgang til oppdatert faglitteratur. Dei tilsette gir tilbod om undervising og rettleiing i bruken av biblioteket og dei faglege ressursane som biblioteket har tilgang til. Biblioteket er viktig for eit godt og inspirerande studie- og forskingsmiljø for studentar og tilsette.

HVO bruker betydelege ressursar på bibliotektenester for studentar og tilsette (**Figur 18**). I 2023 hadde HVO det lågaste talet primærbrukar (studentar og tilsette) pr. bibliotektilsett av dei samanliknbare høgskulane, og HVO har også høgare bemanning i biblioteket enn gjennomsnittet for universiteta. Dette har truleg samanheng med nedgangen i studenttalet på HVO dei siste åra. Utlån og nedlastingar pr. primærbrukar er lågast ved HVO, medan HVO har mellom dei høgaste innkjøpskostnadene pr. primærbrukar.



Figur 18: Dei nasjonale indikatorane for UH-biblioteka i 2023 for HVO, dei samanliknbare høgskulane og snittet for statlege høgskular og universitet. Kjelde: DBH.

Vedlegg 1: Vitskapleg publiseringskanalar ved HVO, 2019-2023

Kjelde: DBH.

Publiseringskanal - forlag og tidsskrift	2019	2020	2021	2022	2023	Totalt
Totalt	108,4	188,95	110,07	110,99	141,11	659,52
Kyrkjefag Profil/Religionsfag Profil	5,41	32,27		21,41		59,09
Routledge	2	26,36	3,8	3,31	3	38,47
Cappelen Damm Akademisk	3,99	1,4	3,49	10,89	16,86	36,63
Fagbokforlaget	3,78	14,17	3,58	6,09	5	32,62
Palgrave Macmillan	9	4,92	9,46	0,71	3,92	28,01
Universitetsforlaget	1,89	4,76	3,79	4,6	9,16	24,2
Skriftkultur	4,52	5,94	6	1,71	5	23,17
Orkana Forlag	4,32				9,44	13,76
Lifelong Learning Book Series					12	12
Museumsforlaget AS		2,1	5	2,1		9,2
Peter Lang Publishing Group		9,2				9,2
Scandinavian Journal of Educational Research	1,73		3		3	7,73
Mediehistorisk tidsskrift	1	2	1	1,71	1,71	7,42
Heimen - Lokal og regional historie	1		4	1		6
Frontiers in Psychology		3,18		1,45	0,5	5,13
Maal og Minne		3			2,12	5,12
Teaching and Teacher Education : An International Journal of Research and Studies	2,12				3	5,12
Ibidem-Verlag		5				5
Norsk Litterær Årbok	1	1		2	1	5
Nordic Journal of Literacy Research		3,99		0,82		4,81
Nordisk tidsskrift for utdanning og praksis	2,71	1	1			4,71
European Journal of Social Work	2,76	1,73				4,49
Frontiers in Education			0,45	3,01	1	4,46
Dreyer Forlag A/S	2,89			1,4		4,29
International Journal of Science Education	1,95				2,25	4,2
Nordisk matematikdidaktikk		1		1,71	1	3,71
Cogent Education	1,5			1,21	0,85	3,56
Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B, Skrifter			3,54			3,54
European Society for Research in Mathematics Education	0,7			1,72	1,07	3,49
Historisk Tidsskrift (Norge)		1	1	0,71	0,71	3,42
Norsk pedagogisk tidsskrift	2,15				1	3,15
Acta Didactica Norden (ADNO)		1	1		1	3
Edda. Nordisk tidsskrift for litteraturforskning	3					3
Educational Research Review				3		3
Environmental Education Research					3	3

European Journal of Special Needs Education			3			3
Gender, Place & Culture: A Journal of Feminist Geography	3					3
International Journal of Cultural Policy				3		3
Journal of Contemporary Religion		3				3
Journal of Peace Education			3			3
Modernism/Modernity			3			3
Nordic Journal of Linguistics		3				3
Research in Mathematics Education					3	3
Sexualities			3			3
Studies in Higher Education		3				3
Tidsskrift for Rettsvitenskap		3				3
Physical Education and Sport Pedagogy			1		1,95	2,95
Brill Academic Publishers		1,92	1			2,92
British Journal of Middle Eastern Studies					2,76	2,76
Frontiers in Sports and Active Living		0,87		1,89		2,76
International Journal of Heritage Studies (IJHS)	2,76					2,76
Sociology			2,76			2,76
Synthese	2,76					2,76
Namn og Nemne : Tidsskrift for norsk namnegransking	1				1,71	2,71
Walter de Gruyter (De Gruyter)			2,71			2,71
Kognition & Pædagogik	0,82		1,75			2,57
Spesialpedagogikk		2			0,45	2,45
Tidsskrift for velferdsforskning	0,89	0,82		0,71		2,42
Techne Serien			1	1,41		2,41
Nordic Journal of Comparative and International Education	1		0,65		0,71	2,36
Springer	0,64		0,7	0,53	0,35	2,22
European Early Childhood Education Research Journal				2,12		2,12
Journal of Teacher Education					2,12	2,12
Linguistics	2,12					2,12
Computers & Education					2,08	2,08
Reading and writing			2,08			2,08
Cambridge Journal of Education		1		1		2
Dotawo. A Journal of Nubian Studies	1				1	2
European Journal of Education Studies				1	1	2
Kart og plan	1				1	2
NOA - Norsk som andrespråk			1		1	2
Nordisk tidsskrift for pedagogikk og kritikk	1			1		2
Norwegian-American Essays		2				2
Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism	1		1			2

Tangenten - Tidsskrift for matematikkundervisning		2				2
Tidsskrift for psykisk helsearbeid	1			1		2
Årbok for Sunnmøre				1	1	2
inScience Press			0,81	0,66	0,49	1,96
Tidsskrift for familierett, arverett og barnevernrettslige spørsmål	0,95	1				1,95
Abstrakt forlag	1,89					1,89
International Journal of Religious Tourism and Pilgrimage		1,84				1,84
BMC Public Health			1,41		0,41	1,82
Oxford University Press		1		0,82		1,82
Journalism Studies		1,74				1,74
Data mining and knowledge discovery				1,73		1,73
Prismet				0,45	1,28	1,73
Pharos Journal of Theology			0,71		1	1,71
Conflict and Society - Advances in Research		1,63				1,63
International Journal of Gastronomy and Food Science	0,65			0,92		1,57
Viden om Literacy		1,53				1,53
NIKT: Norsk IKT-konferanse for forskning og utdanning		0,82	0,71			1,53
Lecture Notes in Computer Science (LNCS)	0,93				0,58	1,51
Journal of Organic Chemistry				1,47		1,47
Science					1,47	1,47
Paideia		1,45				1,45
Designs for Learning	0,58	0,82				1,4
International Political Science Review	1,34					1,34
Sociology of Health and Illness					1,34	1,34
Athens Institute for Education and Research (ATINER)			1,29			1,29
Nordic Journal of Digital Literacy				0,82	0,38	1,2
Nytt Norsk Tidsskrift	0,71				0,47	1,18
Nordic Journal of STEM Education			1,15			1,15
Journal of Geophysical Research (JGR): Space Physics			1,08			1,08
Language Learning					1,08	1,08
UNIPED	0,63			0,45		1,08
Issues in Science and Religion: Publications of the European Society for the Study of Science and Theology		1,06				1,06
Acta Didactica Norge	1					1
Athens Journal of Tourism		1				1
BUKS - Tidsskrift for børne- & ungdomskultur				1		1
Cogent Social Sciences					1	1

Computers in The Schools					1	1
Con A de animación			1			1
Corpora		1				1
DRAMA : Nordisk dramapedagogisk tidsskrift				1		1
Dziennikarstwo i Media					1	1
Education 3-13: International Journal of Primary, Elementary and Early Years Education	1					1
Education Inquiry				1		1
European Journal of Science and Mathematics Education		1				1
Fagbladet samfunn og økonomi					1	1
Frontiers in Robotics and AI	1					1
Global Education Review (GER)				1		1
Global Media Journal - Turkish Edition (GMJ-TR)		1				1
Higher Education Research and Development			1			1
Humanities				1		1
International Journal about Parents in Education					1	1
International Journal of Health Planning and Management					1	1
International Journal of School & Educational Psychology			1			1
Journal of European Periodical Studies			1			1
Journal of Religion and Film	1					1
Journal of Scandinavian Cinema	1					1
Journal of Youth Studies		1				1
Kirke og kultur				1		1
Knowledge and Space	1					1
Les Mélanges de l'École française de Rome					1	1
Linguistic Minorities in Europe Online (LME)			1			1
LIT Verlag			1			1
Lov og Rett			1			1
Manchester University Press		1				1
Mathematics Education Research Journal			1			1
Mediekultur					1	1
Michael		1				1
Målbryting	1					1
Namn och bygd			1			1
Nordic Journal of Studies in Educational Policy		1				1
Nordicom Review	1					1
Nordicum-Mediterraneum		1				1
Nordidactica		1				1

Nordisk barnehageforskning					1	1
Nordlit		1				1
Norsk arkivforum					1	1
Norsk oversetterleksikon		1				1
Norsk tidsskrift for ernæring (NTFE)			1			1
Pastoral Care in Education: An International Journal of Personal, Social and Emotional Development		1				1
Physical Activity and Health (PAAH)				1		1
Sage Open	1					1
Samlaren: tidsskrift för forskning om svensk och annan nordisk litteratur			1			1
Scandinavian Journal of Disability Research	1					1
Scandinavian Journal of Public Administration (SPJA)				1		1
Science & Education		1				1
Social Sciences & Humanities Open					1	1
Social Work in Mental Health			1			1
Societies				1		1
Studies in Educational Evaluation		1				1
Sustainability		1				1
Taqiqat-i karburdi dar zaban-i ingilisi			1			1
Teaching Mathematics and its Applications				1		1
Theofilos		1				1
Theory and History in the Human and Social Sciences		1				1
Tidsskrift for omsorgsforskning	1					1
Vardøger					1	1
Women's Studies				1		1
Journal of Applied Arts & Health	0,92					0,92
Journal of Public Mental Health	0,92					0,92
Mathematics Education in the Digital Era (MEDE)					0,92	0,92
Media and Communication	0,92					0,92
The European Proceedings of Social & Behavioural Sciences (EpSBS)	0,92					0,92
The International Journal of Design Education					0,92	0,92
Wissenschaftlicher Verlag Trier		0,92				0,92
European Physical Education Review			0,87			0,87
International Journal of Integrated Care (IJIC)	0,82					0,82
Journal of Children's Services		0,82				0,82
Nordic Journal of Arts, Culture and Health		0,82				0,82
Nordic Journal of Migration Research					0,82	0,82
AMPS PROCEEDINGS SERIES				0,75		0,75
Health Care Analysis					0,75	0,75

Historical Journal of Film, Radio and Television			0,75			0,75
Intellect Ltd.				0,75		0,75
Leisure Studies				0,75		0,75
The European Journal of Applied Linguistics and TEFL					0,75	0,75
Bloomsbury Education and Childhood Studies			0,71			0,71
Brazilian Journalism Research	0,71					0,71
Dialogic Pedagogy: An International Online Journal		0,71				0,71
European Journal of Oncology Nursing		0,71				0,71
Fontene forskning			0,71			0,71
Journal of alternative and community media	0,71					0,71
Nordic Journal of Art and Research (A & R)					0,71	0,71
Nordic Journal of Urban Studies					0,71	0,71
Nordisk poesi. Tidsskrift for lyrikkforskning	0,71					0,71
Norsk tidsskrift for misjonsvitenskap			0,71			0,71
Revista História da Educação				0,71		0,71
Sakprosa		0,71				0,71
Social Sciences					0,71	0,71
Surgical Endoscopy				0,71		0,71
Tidsskriftet Norges Barnevern		0,71				0,71
Tourism Today				0,71		0,71
ABM-media AS		0,7				0,7
Brill Sense		0,7				0,7
Cambridge Scholars Publishing		0,7				0,7
Elsevier				0,7		0,7
Information Age Publishing		0,7				0,7
Lexington Books			0,7			0,7
Liber	0,7					0,7
Samfundslitteratur		0,7				0,7
Société européenne pour la formation des ingénieurs (SEFI)				0,7		0,7
Obesity Surgery				0,34	0,32	0,66
Journal of Social Work	0,65					0,65
Journalism Practice			0,65			0,65
Tidsskrift for professionsstudier					0,65	0,65
ID&A Interaction design & architecture(s)					0,63	0,63
Journal of Multidisciplinary Healthcare			0,63			0,63
Assessment Matters					0,58	0,58
Barn			0,58			0,58
FormAkademisk - Forskningstidsskriftet for design og designdidaktikk					0,58	0,58
Journal of Comparative Social Work			0,58			0,58
Journal of Outdoor Recreation and Tourism					0,58	0,58

Nordic journal of music therapy			0,58			0,58
Nordiske Studier i Leksikografi (NSL)		0,58				0,58
Oecologia	0,58					0,58
Proceedings - Frontiers in Education Conference					0,58	0,58
Proceedings of the Institution of Mechanical Engineers. Part O, Journal of risk and reliability			0,58			0,58
Evaluation and Program Planning					0,53	0,53
International Journal of Prisoner Health			0,53			0,53
Education Applications & Developments					0,5	0,5
International Journal of Qualitative Studies on Health and Well-being				0,5		0,5
Regional & Federal Studies		0,5				0,5
Scandinavian Sport Studies Forum					0,5	0,5
Social Theory & Health			0,5			0,5
Bloomsbury Academic	0,49					0,49
Novus Forlag			0,49			0,49
Royal Society Open Science		0,49				0,49
University Press of Florida			0,49			0,49
Managing Forest Ecosystems			0,46			0,46
Applied Human Factors and Ergonomics International (AHFE International)					0,45	0,45
Frontiers in Endocrinology			0,45			0,45
Heliyon					0,45	0,45
International Journal for Crime, Justice and Social Democracy			0,45			0,45
International Journal of Greenhouse Gas Control				0,45		0,45
Trauma, Violence, & Abuse	0,45					0,45
Scientific Reports	0,43					0,43
Diabetes, Metabolic Syndrome and Obesity			0,41			0,41
Gyldendal Akademisk				0,4		0,4
Scandinavian Journal of Occupational Therapy	0,35					0,35
Obesity Science & Practice			0,33			0,33
Sidestone Press					0,26	0,26

Vedlegg 2: Medleamar, vara og observatørar i Forskingsutvalet i 2023

Faste medleamar:	Eining:	Vara:
Leiar: Vår: Rektor Johann Roppen Haust: Prorektor Eirik Søvik	Rektoratet	Prorektor Odd Helge Mjellem Tonheim Rektor Odd Helge Mjellem Tonheim
Medleamar:		
Vår: Dekan Randi Bergem Haust: Dekan Jorunn Sem Fure	ASH	1. vara: Instituttleiar Harald Krøvel 2. vara: Instituttleiar Ingvild Sande Lillebø
Førsteamanuensis Ola Teige	ASH	1. vara: Professor Øyvind Økland 2. vara: Professor Inger Marie Okkenhaug
Vår: Dekan Arne Myklebust Haust: Dekan Silje Ims Lied	AHL	1. vara: Prodekan Per Halse 2. vara: Professor Torhild Høydalsvik
Professor Knut-Willy Sæther	AHL	1. vara: Førsteamanuensis Oda Heidi Bolstad 2. vara: Førsteamanuensis Stig Jarle Helset
Vår: Dekan Unni Hagen Haust: Dekan Jon Are Steen	AKF	Vår: 1. vara: Professor Kjetil L. Høydal
Professor Wenche Torrisen	AKF	1. vara: Professor Helga Synnevåg Løvoll 2. vara: Førsteamanuensis Karen Brønne
Dekan Kate Kartveit	AMF	1. vara: Prodekan Andre Folkestad 2. vara: Adm.sjef Kristine Sævik Bjørneset
Førsteamanuensis Kjetil Vaage Øie	AMF	1. vara: Professor Ellen Lexerød Hovlid 2. vara: Førsteamanuensis Endre Eidså Larsen
Stipendiat Trygves Selnes Nielsen	Stipendiatane	Stipendiat Andreas Tjomsland
Vår: Student Linnea Sundquist Haust: Student Maher Othman	Student-parlamentet	Vår 1. vara: Student Simen Vederhus Haust 1. vara: Student Daniel Svindseth Pettersen
Vår: Sissel Elin Ruset Haust: Student Tuva Bergersen	Student-parlamentet	Vår 2. vara: Student Elisabeth Myrås Olsen Haust 2. vara: Student Marte Lohne
Sakshandsamar og skrivar:		
Forskingssjef Henriette Hafsaas	Forskingsadm.	
Observatørar:		
Høgskuledirektør Ann Kristin Emblem	Leiinga	
Biblioteksjef Mariann Schjeide	Biblioteket	
Forskingsrådgivar Ida Haug Theodorsen	Forskingsadm.	
Forskingsrådgivar Yueyuan Luo	Forskingsadm.	

Vedlegg 3: Forskingsgrupper 2023: Tildeling og rekneskap

Oversyn over aktive forskingsgrupper finst på nettsidene:

<https://www.hivolda.no/forsking-og-utvikling-0/forsking-grupper>

Leiar	Forskingsgruppe	Medleamar	Tildelt	Forbruk
Knut-Willy Sæther	Religion og livssyn	10	50 000	53 726
Oda Heidi Bolstad	Matematikdidaktikk	15	50 000	52 629
Liv Ingrid Aske Håberg	Tidleg litterasitet/literacy i barnehage og skule	11	50 000	52 396
Randi Myklebust	Språkleg og kulturelt mangfald i utdanning	10	50 000	50 603
Kristin Elin Walseth	Idrett, kroppsøving og friluftsliv	15	50 000	50 206
Marit Ulvund	Kunstnarisk forskning	11	50 000	50 030
Stig Jarle Helset	Skriftkulturar	11	50 000	50 000
Lars Julius Halvorsen	Kulturarbeid og kulturpolitikk	12	50 000	50 000
Åsmund Svendsen	Kultur møter	12	50 000	48 996
Siv Therese Måseidvåg Gamlem	Læringsprosessar og vurderingshandlingar	10	50 000	47 642
Kristin Kibsgaard Sjøhelle	PPU forskingsgruppe	13	50 000	39 929
Ivar John Erdal	Medier, profesjoner og samfunn	14	50 000	39 875
Gerd Sylvi Steinnes	Profesjonsforskning	10	50 000	38 174
Synnøve Hedemann Amdam	Media, literacy and learning design	8	28 000	33 742
Rolf Werenskjöld	Mediene og det internasjonale samfunn	7	24 000	31 183
Bjarte Folkestad	Demokrati og medverknad	15	50 000	30 227
Marit Lovise Brekke	Litteraturredaktikk (Ny)	8	28 000	29 074
Kjetil Vaage Øie	Medieutvikling	11	50 000	28 825
Jan Håkon Vikane	Berekraftdidaktikk	7	24 000	27 190
Marie Nedregotten Sørbo	Litteratur	9	37 000	26 877
Andreas Brandsæter	Programmering for matematikkforståelse	8	28 000	25 700
Anne Randi Fagerlid Festøy	Spesialpedagogikk og inkludering	11	50 000	24 970
Arve Fiskerstrand	Heim og opplæring	7	24 000	24 692
Harald Johannes Krøvel	Mikrohistorie	6	18 000	17 684
Ådne Meling	Samfunnsfagdidaktikk	9	37 000	17 602
Mathias Nygaard	Medvit	6	18 000	17 578
Øyvind Arne Høydal	Biovitskap (Ny)	5	15 000	15 000
Wenche Torrisen	Kultur og helse	5	15 000	14 760
Kåre Heggen	Barnevernsforskning	5	15 000	14 678
Helga Synnevåg Løvoll	Future Skills Lab	5	15 000	13 903
Anemari Neple	Litteratur og musikk	7	24 000	13 848
Torhild Erika Lillemark Høydalsvik	EMPATI (Ny)	5	15 000	12 052
Knut-Willy Sæther	Natursyn, estetikk og etikk	4	10 000	11 317
Hilde Opsal	Utdanningshistorie (Ny)	6	18 000	10 173
Hjalmar Trond Eiksund	Munnlege ferdigheiter - Oracy (Ny)	4	10 000	9 924
Stein Helge Solstad	Skapande læringsprosessar i musikk	4	10 000	9 692
Bente Hasle/Ingeborg Berg Skogen	Barn, barndom og hverdagsliv	6	18 000	9 237
Alf Roger Djupvik	Cardiff University - ASH	6	18 000	9 237
Erling Sivertsen	PRIS (Ny)	6	18 000	6 113
Ellen Lexerød Hovlid	Juss	5	15 000	5 468
Alf Roger Djupvik	NAV-gruppe	6	18 000	-
Totalt			1 300 000	1 112 894



HØGSKULEN I VOLDA

